


Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, Wigandgården, 8.etg.
Dato:	04.11.2014
Tid:	10:00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall. Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no



Tom Knudsen

Kopi: Varamedlemene

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 27/14	Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 27.05.14	2014/22674	
PS 28/14	Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemda 09.09.14	2014/22674	
PS 29/14	Referatsaker (Meldingar)		
PS 30/14	Minoritetsspråklege elevar i Hordaland. Status 2014. Utfordringar og tiltak	2014/22380	
PS 31/14	Plan for kompetanseutvikling 2012-2015, tiltak 2015.	2014/22562	
PS 32/14	Endring av fagskulen sin plass i styringssystemet	2014/22192	
PS 33/14	Elev- og lærlingombud	2014/22610	
PS 34/14	Svar på spørsmål frå OPHE vedk tiltak for lærebedrifter	2014/22472	
PS 35/14	Ymse		

PS 26/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2014/22674-1
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	27/14	04.11.2014

Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemnda 27.05.14

Forslag til avgjerd

Møteboka fra Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 27.05.14 vart tatt til orientering

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: 8.etg. Forskjønnelsen, Wigandgården
Dato: 27.05.2014
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Marte Malones	Medlem	A
Roger Pilskog	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Medlem	NHO
Edel Teige	Medlem	NHO
Hege Kristin Mjelde	Medlem	LO
Ørjan Magnussen	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Boasson	Edel Teige	NHO
Atle Rasmussen	Hege Kristin Mjelde	LO

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein-Erik Røskeland	Senierrådgjevar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær
Hege Osebakken	Rådgjevar under PS 19/14
Tore Muren	Senierrådgjevar (senter for yrkesrettleging) under PS 20/14

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 15/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 16/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 17/14	Referatsaker (Meldingar)		
PS 18/14	Ymse		
PS 19/14	Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015	2014/12056	
PS 20/14	Etablering av karrieresenter i Hordaland	2014/16238	

PS 15/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Vedtak

Ingen merknader til møteinnkalling. Saksliste vart godkjent.

PS 16/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Vedtak

Møtebok vart tatt til orientering.

PS 17/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Vedtak

Ingen referatsaker (meldingar) til dette møte.

PS 18/14 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Vedtak

Oversikt over godkjente lærebedrifter i perioden 07.05.2014 til 26.05.2014 vart delt ut.

PS 19/14 Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

PS 20/14 Etablering av karrieresenter i Hordaland

Etablering av karrieresenter i Hordaland

Samandrag

Etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Nasjonal eining for karriererettleiing VOX fått i oppdrag å arbeide for å styrke karriererettleiinga i fylka. Med styrking av karriererettleiinga siktar Kunnskapsdepartementet i hovudsak til to tilhøve. For det fyrste ynskjer ein å gjere karriererettleiing tilgjengeleg for menneske i alle livsfasar, også for vaksne som ikkje er elevar, studentar eller NAV-brukarar. For det andre ynskjer ein å heve kvaliteten i karriererettleiingstenesta generelt i tenesteapparatet. Dette ynskjer ein gjort gjennom styrking av samarbeidet mellom ulike offentlege tenester og mellom ulike forvaltningsnivå.

Som grunnlag for dette arbeidet har Kunnskapsdepartementet fastsett nærare Retningsliner for tilskot til fylkesvise partnerskap for karriererettleiing (5. mars 2014). Vilkåra for tilskotet er m.a. at ein i fylka har eit tilbod om individuell karriererettleiing for alle vaksne over 19 år, og at samarbeidet mellom aktuelle partar blir formalisert i ein partnerskapsavtale, minimum mellom fylkeskommunen og NAV.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at det blir oppretta eit pilotprosjekt for individuell karriererettleiing i Sunnhordland. Fylkesrådmannen foreslår at tilbodet vert lagt til vaksenopplæringa ved Stord vidaregåande skule, og at tenesta vert oppretta med to nye stillingar.

Opplæringsavdelinga er i dialog med NAV Hordaland og m.a. Samarbeidsrådet for Sunnhordland med sikte på ein partnerskapsavtale som grunnlag for etableringa, jf. retningsliner for tilskot til fylkesvise partnerskap for karriererettleiing av 3. mars 2014.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å opprette eit tilbod om individuell karriererettleiing på Stord

- Tilbodet vert etablert som eit eitt-årig pilotprosjekt frå 1. januar 2015
- Tilbodet skal gjelde for heile Sunnhordland.
- Senteret vert lagt til vaksenopplæringa, Stord vidaregåande skule.
- Tenesta vert oppretta med to stillingar.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å opprette eit tilbod om individuell karriererettleiing på Stord

- Tilbodet vert etablert som eit eitt-årig pilotprosjekt frå 1. januar 2015
- Tilbodet skal gjelde for heile Sunnhordland.
- Senteret vert lagt til vaksenopplæringa, Stord vidaregåande skule.
- Tenesta vert oppretta med to stillingar.



Arkivnr: 2014/22674-2
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	28/14	04.11.2014

Godkjenning møtebok Yrkesopplæringsnemnda 09.09.14

Forslag til avgjerd

Møteboka fra Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.09.14 vart tatt til orientering

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Stadsporten, Wigandgården 8. etg.
Dato: 09.09.2014
Tidspunkt: 10:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marte Malones	Medlem	A
Roger Pilskog	Medlem	LO
Edel Teige	Medlem	NHO
Hege Kristin Mjelde	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Tom Knudsen	Medlem	NHO-H
Ørjan Magnussen	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marie Vatlle Moldeklev		Lærlingerep.vara

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringssjef
Ann-Magritt Juvik	som sekretær
Trond-Harald Alvær	spesialrådgjevar under PS 24/14

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 21/14	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 22/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 23/14	Referatsaker (Meldingar)		
PS 24/14	Opplæring av faglege leiare og instruktørar i lærebedrifter	2014/862	
PS 25/14	Ymse		

PS 21/14 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014

Vedtak

Ingen merknader til møteinnkalling. Saksliste vart godkjent.

PS 22/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014

Møtebok frå møte 27.05.2014 var ikkje utsendt, må sendast ut ved innkalling til neste møte i Yrkesopplæringsnemnda.

PS 23/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014

Ingen referatsaker (meldingar) til dette møte.

PS 24/14 Opplæring av faglege leiare og instruktørar i lærebedrifter

Forslag til innstilling

1	OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering
2	OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år
3	OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

1	OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering
2	OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år
3	OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten

PS 25/14 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014

Oversikt over godkjente lærebedrifter i perioden 27.05.2014 til 08.09.2014 vart delt ut.

Oversikt over alle kommunane i Hordaland med folkemengde i kommunen pr. 01.01.2014 (kilde SSB) samt godkjente lærekontrakter i åra 2010 til 2013 (samt hittil i 2014) vart delt ut.

Vidare informerte Torbjørn Mjelstad om status på formidlingen av søkere til læreplass. Oversikt over antall søkjarar som står igjen utan tilbod / planlagde Vg3 sluttopplæring vart delt ut.

PS 29/14 Referatsaker (Meldingar)



Arkivnr: 2014/22380-1
Saksbehandlar: Marianne Haaland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	30/14	04.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014

Minoritetsspråklege elevar i Hordaland. Status 2014. utfordringar og tiltak

Opplæringsavdelinga fekk følgjande bestilling frå opplærings- og helseutvalet i møte 03.06.2014:

«OPHE ønskjer ei sak der ein vurderer utfordringar og eventuelle tiltak for minoritetsspråklege som manglar tilstrekkeleg norskkunnskap til å gjennomføre vidaregåande opplæring»

I Hordaland fylke har vi 1696 registrerte elevar med anna morsmål enn norsk. I tillegg har vi ansvar for lærlingar og vaksne utdanningssøkjande med minoritetsspråkleg bakgrunn. Det aukande talet på elevar med ungdomsrett og vaksenrett som ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å oppnå eit forsvarleg læringsutbyte av ordinær opplæring, representerer ei ressurskrevjande utfordring i opplæringssektoren. Hordaland fylkeskommune har sett i verk fleire tilpassa tilbod for å støtte norskopplæringa for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring. I det følgjande gir fylkesrådmannen ei oversikt over kva tiltak som alt er sett i verk og kjem med tilrådingar med omsyn til framtidige behov for tiltak.

Forslag til vedtak:

Opplærings- og helseutvalet tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen sine forslag til tiltak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.10.2014

Opplæringsavdelinga fekk følgjande bestilling frå OPHE 3.6.2014:

«OPHE ønskjer ei sak der ein vurderer utfordringar og eventuelle tiltak for minoritetsspråklege som manglar tilstrekkeleg norskkunnskap til å gjennomføre vidaregåande opplæring».

1. Rett til vidaregåande opplæring

I Hordaland har vi 1696 registrerte elevar med anna morsmål enn norsk. Gruppa minoritetsspråklege elevar består av asylsøkjjarar/flyktningar, arbeidsinnvandrarar og born av arbeidsinnvandrarar. Vi har óg aldersmessige variasjonar, dvs. ungdomar med ungdomsrett og vaksne med vaksenrett, med rettigheter i vaksenopplæringa. Norskkunnskapen er svært varierende, frå søkjarar med lite norskkunnskapar til elevar som er registrert med anna morsmål, men som snakkar og/eller skriv norsk flytande. Det er viktig å streke under at tal på minoritetsspråklege elevar blir registrert på bakgrunn av elevane si eiga melding om anna morsmål enn norsk. Ikkje alle elevar oppgir dette, så tala er sannsynlegvis høgare enn det som er registrert.

Retten er heimla i opplæringslova § 3-1 som seier følgjande om rett til vidaregåande opplæring:

«Ungdom som har gjennomført grunnskole eller tilsvarende opplæring har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring.»

«Retten til vidaregåande opplæring er avhengig av at vedkommende har lovlig opphold, Asylsøkende ungdommer som oppholder seg i landet i påvente av vedtak om oppholdstillatelse og venter på svar på sin søknad om beskyttelse, har lovlig opphold men ikke rett til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen kan likevel ta inn mindreårige asylsøkere til vgo mens de venter på vedtaket, men de har ikke rett til å fullføre skoleåret dersom de får avslag på søknad om opphold.»

Retten til vidaregåande opplæring er ikkje knytt til krav om norskkunnskapar.

Opplæringslova § 3-12 seier vidare: *«Elevar med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmåls-opplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar»* og vidare *«Fylkeskommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skular.... Opplæring i særskilt organiserte tilbod, kan vare i inntil to år»*. Vedtak etter dette leddet krev samtykke frå elev eller føresette.

Også vaksne har individuell rett til gratis vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje tidlegare har fullført denne opplæringa, jf § 4A-3. Dei vaksne skal primært takast inn til opplæringstilbod som er organisert for dei som mål- eller elevgruppe, jf § 6-25. Opplæringa skal vidare tilpassast behovet til den einskilde, jf § 4A-3. Rett til vidaregåande opplæring for vaksne omfattar også innvandrarar, «... utlendingar med busetjingsløyve, arbeids- og/ eller opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjingsløyve eller kollektivt vern ...» (UDIR 2-08, Utlendingslova kap 3).

Opplæringslova og forskrifter gjer ingen skilnad på etnisk norske og innvandrarar sin opplæringsrett. Sjølv om dugleik i norsk i realiteten er avgjerande for å lukkast i opplæringa, kan fylkeskommunen ikkje stille krav til norsk ved inntak, heller ikkje av vaksne.

Elevar med rett til særskilt språkopplæring i tråd med opplæringslova § 3-12 har rett på utvida opplæringstid med inntil to år. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida tid etter føresegna, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering (frå PPT) av kva behov eleven har for meir tid i vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen/skulen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskilt språkopplæring. Kartlegging blir utført ulikt på skulane i Hordaland. Skulane har stått fritt til sjølv å velje kartleggingsverktøy for denne gruppa. UDIR har laga eige kartleggingsverktøy for minoritetsspråklege elevar. I tillegg er alle skular pålagde å kartleggje elevane sin kompetanse i norsk og matematikk i starten av skuleåret.

2. Kva seier forskinga

I følgje NOVA-rapporten «Hva kjennetegner gode skoler for minoritetsspråklige elever» (NOVA-rapport 10.06.14) finn ein få studiar i Norge som systematisk har undersøkt kva som kjenneteiknar gode skular og gode opplæringsmodellar for minoritetsspråklege elevar, men studiar viser at eit godt læringsmiljø har endå større effekt for minoritetsselevar enn for majoritetsselevar. Minoritetsselevar har ekstra god framgang på skular med godt læringsmiljø, særleg på skular som har ein god vurderingskultur med hyppige tilbakemeldingar og jamleg rettleiing frå læraren på korleis eleven kan bli betre fagleg. Eleven sin motivasjon for læring og oppleving av å få undervisning tilpassa eige fagleg nivå er avgjerande. Dette er kan hende ikkje overraskande, det same vil gjelde for majoritetsselevar, men forskinga viser at det har større innverknad på resultat for minoritetsselevar. Internasjonale forskarar er ikkje samde om det er viktig med undervisning på eleven sitt morsmål. Samla sett er det læraren og skuleleiinga sin kompetanse som er den viktigaste faktoren å investere i.

Dei viktigaste faktorane er:

- Skuleleiinga – at dei sikrar medvit rundt dei særskilte utfordringane som er knytt til minoritetsselevane sin lærings situasjon og rekrutterer lærarar med naudsynt kompetanse
- Eit godt læringsmiljø med høge forventningar til alle elevane, krav til god framferd og ein positiv tilbakemeldingskultur og integrering av elevane i alle aktivitetar ved skulen
- Koordinering av arbeidet, dvs. at alle lærarane samarbeider om den enkelte eleven sine behov og etablerer gode samarbeidsarenaer
- Systematisk vurdering og aktiv elevdeltaking og vekt på eksplisitte ferdigheiter.
- Skulen må ha rutinar for å følgje opp utviklinga til elevar som har særskilt språkopplæring
- Lærarane må ha nødvendig kompetanse

3. Overgang

Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring er viktig, både med omsyn til kartlegging av norskkunnskapar, realkompetansevurdering og rådgjeving.

I Hordaland har vi dei siste åtte åra hatt tilbod om informasjonsmøte for føresette og elevar med anna morsmål og dessutan for rådgjevarar på ungdomsskulen. På møta har vi tolkar på alle dei viktigaste språka. Hovudmålet er å orientere om vidaregåande opplæring, innsøking og å motivere for val av yrkesfag. Det er godt oppmøte og stor interesse for arrangementa.

Rådgjevarar i ungdomsskulen er ei sentral målgruppe når det gjeld val av utdanning og yrke. Dei har ei viktig rolle når det gjeld å motivere og å vere pådrivar for elevar i ungdomsskulen som treng innføringsklasse før ordinær Vg1.

4. Inntak

Det er to hovudgrupper søkjarar med minoritetsspråkleg bakgrunn; born av arbeidsinnvandrarar og asylsøklarar/flyktingar. Minoritetsspråklege born av arbeidsinnvandrarar har som regel dokumentert grunnskule. Flyktingar/asylsøklarar manglar ofte dokumentasjon, og kjem til landet og søker vidaregåande opplæring gjennom heile året.

Begge målgruppene kan ha store utfordringar med omsyn til manglande norskkunnskapar.

I kap. 6 i opplæringslova om inntak til vidaregåande opplæring heiter det i § 6-2 – Krav om lovleg opphald: «Det er eit vilkår for inntak til vidaregåande opplæring at søkjarar har lovleg opphald i Noreg. Søkjarar som opphald seg i landet i påvente av vedtak om opphaldsløyve, har ikkje rett til inntak i vgo.» Vidare heiter det: «Du har også lovlig opphald i Norge dersom du kan dokumentere at du har søkt om dette, eller at du har klaget på avslått oppholdstillatelse. ... elevar som blir tatt inn i vidaregåande opplæring, har ikkje rett til å fullføre skoleåret dersom søknad om opphald blir endelig avslått.»

Søknadsfrist for inntak til vidaregåande opplæring er 1. februar for søkjarar som:
 b) har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 3-12
 c) er nyleg komne til Norge

Etter § 6-14 Vilkår for inntak til Vg1 må søkjarar som hevdar at dei har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet (tilsvarande 9-årig grunnskule), sjølv dokumentere dette eller grunngi at det er sannsynleg at han eller ho oppfyller vilkåret. Om fylkeskommunen finn at vilkåret ikkje er oppfylt, skal saka sendast til kommunen, som vurderer om søkjaren har realkompetanse tilsvarende norsk grunnskule. Det vil seie at kommunane har ansvar for å vurdere at realkompetansen svarar til norsk grunnskule og lage enkeltvedtak og tilby norskopplæring.

5. Status i Hordaland 2014-15. utfordringar og tiltak

I Hordaland har vi i skuleåret 2014-15 1696 elevar med anna morsmål enn norsk i ordinær vidaregåande opplæring. Våren 2014 hadde 838 elevar rett på særskilt språkopplæring etter § 3-12. Det blei oppretta innføringsklassar på 6 skular med i alt 123 elevar.

Alle skular, med unntak av ein, har minoritetsspråklege elevar i ordinære klassar.

5.1 Innføringsklassar

Innføringsklassar er eit tilbod om forsterka opplæring i norsk og fellesfag der føremålet er å førebu elevane på ordinær Vg1. Tilbodet er i hovudsak retta inn mot elevar med kort butid i Norge og med mangelfulle norskkunnskapar. Men det er viktig å merke seg at eleven sjølv/føresette avgjer om dei skal gjennomføre innføringsklasse før ordinær Vg1.

Hausten 2013 blei det etablert ei arbeidsgruppe som laga lokale læreplanar for 6 fag for innføringsklassane i Hordaland. Læreplanane skal prøvast ut i skuleåret 2014-15. Utdanningsdirektoratet har etablert ei faggruppe som skal sjå på tilbod om læremidlar for innføringsklassar

5.2 Ordinær Vg1 – Vg3 for minoritetsspråklege elevar

I Hordaland har vi vidare følgjande tilbod særleg retta inn mot minoritetsspråklege elevar:

- Vg1 helse- og sosialfag på Fyllingsdalen vgs og Lønborg vgs. Frå Vg2 går elevane over i ordinære klassar.
- Vg1-Vg3 i studieførebuande på Bergen katedralskole. Dette tilbodet omfattar forsterka opplæring i norsk og engelsk. 15 elevar blir tatt opp kvart år av eit tal på 40-60. Dei øvrige søkjarane vil ofte ende opp i ordinær Vg1. Tilbodet føreset at elevane deltar i ordinære undervisning i programfag på Vg2 og Vg3, saman med dei andre elevane ved skulen.

Resultatet viser lågare gjennomføringsgrad enn for ordinære majoritetslevar. Det kan også vere ei utfordring for dei minoritetsspråklege elevane å delta i programfag i ordinære klassar.

Dei øvrige minoritetsspråklege elevane går på ordinære tilbod. Norskkunnskapen kan vere svært varierende ettersom elevane har ulik butid i Norge og ulike kunnskapar i norsk. Det er med andre ord ei samansett gruppe med ulike behov.

5.3 Nettbasert norskopplæring – «Veien fram»

Hordaland fylke har hatt fokus på tiltak for minoritetsspråklege elevar gjennom fleire år, og rekrutterte ein rådgjevar for dette feltet frå 2006. I 2005 starta HFK opp eit samarbeidsprosjekt om å utvikle eit digitalt norskopplæringsprogram for minoritetsspråklege elevar i samarbeid med Nygård skole og Grieg Multimedia, eit prosjekt som varte i tre år og som har resultert i nettprogrammet «Veien fram».

Alle skulane i Hordaland har gratis tilgang på dette norskopplæringsprogrammet, og lisens er betalt av Opplæringsavdelinga. Programmet er laga for minoritetspråklege elevar i vidaregåande opplæring og har fleire modular tilpassa yrkesfag.

Bruken er redusert frå 2012-2013, frå 818 elevar til 362 elevar siste skuleår. Det er usikkert kvifor talet på brukarar er gått ned. Det kan vere nye lærarar som ikkje kjenner tilbodet. Opplæringsavdelinga vil gå ut med tilbod om kurs for lærarar hausten 2014.

5.4 Midlar til særskilt språkopplæring

Tildeling av midlar til særskilt språkopplæring, jfr. forskrift til opplæringslova § 3-12, skjer på grunnlag av søknader frå skulane, basert på kartlegging og tal på elevar med behov. Talet våren 2014 var 838, og tildelinga var i underkant av kr. 2000 pr elev pr halvår. Ramma for tildeling er auka i 2015.

Forskrifta gir også elevar rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Dette er ei stor utfordring for skulane. Tilgang på tospråklege faglærarar er problematisk. Norsk Digital Læringsarena (NDLA) har så langt ikkje omsett fagstoff til ulke språk. Eit slikt grep kunne ha vore ei nyttig styrking av vilkåra for å tilby tospråkleg opplæring.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å utvikle og tilby nettbaserte tenester. Hordaland fylkeskommune har meldt interesse for å delta i dette prosjektet.

5.5 Sommarskule/leksehjelp

Dette tilbodet er retta inn mot alle elevar i vidaregåande opplæring, men sommarskulen har eige tilbod om norskopplæring for minoritetspråklege elevar. I 2014 hadde vi 20 deltakarar.

5.6 Minoritetsrådgjevarar

Hordaland fylkeskommune har to minoritetsrådgjevarar i regi av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), ein på Bergen katedralskole og ein på Årstad vidaregåande skole i prosjektperioden 2013-16. Minoritetsrådgjevarane sine oppgåver er forankra i regjeringa sin «*Handlingsplan mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet*». I tråd med retningslinene frå IMDI er hovudoppgåvene for minoritetsrådgjevarane:

“Minoritetsrådgiverne skal arbeide forebyggende mot ekstrem kontroll som kan føre til alvorlige begrensninger av unges frihet, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse, og for å fremme gode oppvekstmuligheter for barn og unge. De skal også bidra til kompetanseutvikling og kompetanseheving i skolesektoren og hos samarbeidspartnere, og i tillegg bidra til å utvikle et godt samarbeid med aktuelle partnere i offentlig sektor og frivillige organisasjoner. Minoritetsrådgiverne skal fortsatt arbeide for å bedre samarbeidet mellom skolen og foreldrene gjennom å ta i bruk og implementere metoder og erfaringer som nå er prøvd ut”

5.7 Kompetanseheving

30 lærarar i innføringsklassane har fått tilbod om etterutdanning hausten 2014. Tilbodet blir gjennomført med tre samlingar frå september til november 2014. I 2015 vil vi halde fram med årlege samlingar for lærarar med ansvar for minoritetspråklege elevar. Etterutdanningstilbodet vil bli vidareført med tilbod til ei ny gruppe frå 2015.

Vi har behov for å styrke lærarkompetansen med omsyn til minoritetslevar sine særskilte utfordringar, men sjølv med høg kompetanse er det også andre utfordringar med å etablere tilfredsstillande tilbod til alle minoritetslevarane.

6. Fag- og yrkesopplæringa

Det er behov for å sjå nærare på korleis vi kan styrkje tilbodet til minoritetsspråklege elevar i fag- og yrkesopplæringa. Årleg er det rundt 180-190 elevar med ungdomsrett som ikkje har læreplass. Av desse er det i år 12 minoritetsspråklege elevar. Etter opplæringslova § 3-12 har elevar rett til m.a. tospråkleg fagopplæring etter behov. Dette er ei utfordring for skulane, då vi ikkje har stor tilgang på morsmålslærarar. Det kan òg vere utfordrande for minoritetslevar å få læreplass. Etter seksjon for fagopplæring si vurdering går fleire minoritetsspråklege elevar ut av Vg2 utan å søkje læreplass. Vi har ikkje tal på dette, men vi ser eit behov for nærare kartlegging. Det kan vere grunn for å vurdere å lage ei kartlegging av i kor stor grad rådgjevarar/kontaktlærarar følgjer opp elevgruppa med å søkje læreplass eller påbygg.

7. Vaksne minoritetsspråklege elevar

Som det går fram i avsnitt om rett til vidaregåande opplæring, har fylkeskommunen ansvar for vidaregåande opplæring for vaksne ved fylte 25 med «vaksenrett», opplæringslova § 4A-3. Denne retten omfattar også innvandrarar, «... utlendingar med busetjingsløyve, arbeids- og/ eller opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjingsløyve eller kollektivt vern ...».

Søkjjarar med vaksenrett skal realkompetansevurderast om dei ikkje kan dokumentere gjennomført grunnskuleopplæring. Det er kommunen som har ansvar for realkompetansevurdering på dette nivået. I Bergen blir det gjennomført på Nygård skole. Vaksne som ønskjer realkompetansevurdering av vidaregåande opplæring eller yrkespraksis frå heimlandet, kan få realkompetansen vurdert ved eit vaksenopplæringscenter.

Vaksenopplæringa har om lag 340 minoritetsspråklege deltakarar hausten 2014, tilsvarande om lag 20 – 25 prosent av det samla deltakartalet. Overslaget er basert på data registrert under kategorien morsmål i det skuleadministrative systemet. Registreringa i denne kategorien er ufullstendig.

Minoritetsspråklege vaksne som søker vidaregåande utdanning i vaksenopplæringa, vert testa med tanke på om nivået i norsk er tilstrekkeleg til at dei kan følgje opplæringa. Vaksenopplæringa nyttar normalt testverktøyet Migranorsk. Inntaksprosedyrane til vaksenopplæringa tilseier vidare at alle skal ha høve til ein studierettleiingssamtale, der ein m.a. kan drøfte krava til norsk for å følgje undervisninga opp mot resultatane frå språktesten, jf § 6-45. Den vaksne kan såleis gjere si vurdering av eit eventuelt lågt språknivå, utsette skulestart og i mellomtida sjølv arbeide med språket. Sjølv om ein ikkje kan stille krav om norsk ved inntak til vidaregåande skule, kan skuleeigar likevel i nokon grad avverga at vaksne startar opplæringa utan føresetnader til å kunne gjennomføre og dermed kaste bort ein verdfull vaksenrett.

Det er flest minoritetsspråklege søkjjarar til studiespesialiserande utdanning. Bergen katedralskole/ vaksenopplæringscenteret har ansvar for desse faga i Stor-Bergen. Skulen startar kvar haust 2 – 4 innføringsklassar i norsk med bakgrunn i testresultata frå Migranorsk. Desse klassane får 12 timar veka norskopplæring etter læreplan NOR1059, Grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege, og engelsk på lågare nivå i 4 timar. Kursane har klart positiv effekt på gjennomføringsgrad og fagleg nivå. Skulen har elles forsterka timetal i norsk, historie og samfunnsfag i det vidare tilbodet til dei minoritetsspråklege.

I lærefaga har vaksenopplæringa primært tilbod til vaksne som har relevant yrkespraksis. Dei fleste nøyer seg med å ta yrkesteorien som blir evaluert ved eksamen for lærlingar og praksiskandidatar. Andre vel også å ta med seg fellesfaga, fordi dei ønskjer eit betre teorigrunnlag for seinare utdanning, eller vil nytte høvet til redusert praksistid gjennom godskrivingsordninga, jf § 11-8 ff. For at vaksne deltakarar skal lukkast betre i yrkesfagleg opplæring, har dei i seinare år fått tilbod om eigne grupper i norskfaget i Vg1, eventuelt i Vg2 som norskopplæring. Dette har gjeve betre læringsresultat enn tidlegare meir ad hoc prega norsktiltak. Vaksenopplæringscentra ved Lønborg, Knarvik, Voss, Sotra vidaregåande skular har dette tilbodet i inneverande skuleår.

Fylkeskommunen har søknader både frå minoritetsspråklege vaksne og etnisk norske som ønskjer ny karriere/anna yrkesfag enn det faget dei har praksis frå som ufaglærte, eller som har liten eller ingen yrkesfagleg praksis frå formelle arbeidstilhøve. Denne målgruppa har behov for fullstendig vidaregåande

opplæring primært frå Vg1. Fylkeskommunen innfrir desse søknadene eit stykke på veg gjennom det ordinære skuletilbodet. Av 302 søkarar over 25 år hausten 2014, fekk 143 plass i det ordinære tilbodet. 62 av desse er registrert med anna morsmål enn norsk.

Vaksenopplæringa har elles fullstendige opplæringstilbod innan fleire helsefag, m.a. eit særskilt tilbod i helsearbeidarfaget for innvandrarar i samarbeid med NAV Intro og Bergen kommune.

Det å ha vaksne elevar som ikkje, eller berre delvis, forstår norsk i klassen, kan skape eit vanskeleg læringsmiljø for alle som deltar i opplæringa. Etersom fylkeskommunen ikkje kan stille krav om norskkunnskapar, vert løysinga å gje ekstra opplæring i norsk.

Innføringsklassar og ekstra timar for minoritetsspråklege vaksne på Bergen katedralskole /vaksenopplæringssenteret vil dette skuleåret ha eit budsjett på ca kr 1.8 millionar. Særskilt norskopplæring i yrkesfag for minoritetsspråklege vil tilsvarande truleg nå eit budsjett på ca kr 300.000 inneverande skuleår. Fylkeskommunen har såleis tatt på seg ansvar, oppgåver og kostnader som elles ikkje er heimla i regelverket knytt til vidaregåande opplæring for vaksne.

Den kontakten og det arbeidet vaksenopplæringssentra har med innvandrarar, tyder på at behovet for fullstendig yrkesfagleg utdanning er større enn den etterspurnaden vi for tida registrerer gjennom søknadene i det ordinære inntaket og i kontakt med vaksenopplæringa. Utdanningsdirektoratet peikar på at fylkeskommunane i større grad må gje eit fullstendig opplæringstilbod også til vaksne. Ein må søkje å integrere vaksne i det ordinære yrkesfaglege undervisningstilbodet. Ei opptrapping av dette tilbodet vil krevje ei meir systematisk tilnærming til inntak og gjennomføring der ein vil måtte finne løysing på praktiske og formelle utfordringar som:

- Dimensjonering av elevtal i inntaket der ein tek høgde for vaksne
- Samkøyring av introduksjonsopplæringa i norsk/forsterka opplæring i norsk
- Utvikling av Vg3-tilbodet i skule for lærefag der det ikkje ligg føre tilbod om læreplassar

8. Oppsummering

Det aukande talet på elevar med ungdomsrett og vaksenrett som ikkje har tilstrekkelige kunnskapar i norsk til å oppnå eit forsvarleg læringsutbyte av ordinær opplæring, representerer ei ressurskrevjande utfordring i opplæringssektoren. Som saka har vist, har Hordaland fylkeskommune sett i verk fleire tilpassa tilbod for å støtte norskopplæringa for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring. Skuleleiarar melder likevel at det er vanskeleg å sikre at dei minoritetsspråklege oppnår eit forsvarleg læringsutbyte i ordinær opplæring utan at det vert sett inn ekstra lærarressursar. Når kulturforskjellane er store, er det meir krevjande å lukkast. Kvaliteten på grunnopplæringa som innvandringsungdom har frå heimlandet, varierer frå land til land, og eit stort tal elevar har berre budd kort tid i Norge før dei byrjar på vidaregåande. Dette fører til at mange minoritetsspråklege opplever eit stort gap mellom det som blir kravd og det som er mogleg for dei å få til. Til tross for at mange elevar legg ned mykje innsats, kan dei gå år etter år utan å lykkast.

Mykje kan tilpassast i den ordinære undervisninga, men krava til tilrettelegging er i ein del tilfelle høgare enn det som er rimeleg og realistisk å forventast av ein lærar som er aleine om å undervise ein klasse. Dette ansvaret kviler tungt på lærarar og skuleleiarar i dag, og resultatet er for mange høgt stressnivå fordi dei ikkje alltid ser seg i stand til å gi tilstrekkeleg pedagogisk støtte. Ut frå talet på enkeltvedtak dei siste åra er det grunn til å tru at rammene må aukast i framtida om ein skal sikre at elevane får det dei har krav på.

Det er behov for meir forskingsbasert kunnskap om samanheng mellom tiltak og resultat, og det er naudsynt å legge til rette for å auke lærarane sin kompetanse på feltet. Fylkesrådmannen har tru på at dei generelle kompetansehevingstiltaka retta mot opplæring i grunnleggjande ferdigheiter vil kome minoritetsspråklege til gode uansett kva tilbod dei er ein del av. I tillegg bør fylkeskommunen sjå til at det er lagt til rette for eit stabilt og føreseieleg tilbod om etter- og vidareutdanning for å auke kompetansen, slik at

det kan utviklast undervisningspraksis som legg til rette for godt læringsutbyte for minoritetsspråklege elevar.

Skuleeigar vil i det vidare arbeidet leggje vekt på følgjande tiltak:

- Utreie behov for oppretting av tilbod om grunnskuleopplæring (10.klasse) i vidaregåande skule i samarbeid med kommunane for søkjarar i alderen 16-19 år som ikkje har oppfylt krav om grunnskuleutdanning eller som berre har vore kort tid i norsk ungdomsskule.
- Vidareutvikle tilbod om innføringsklassar for elevar som har oppfylt formelle krav til grunnskuleopplæring men som likevel treng meir tid til å bli tilstrekkeleg kvalifiserte til å oppnå eit forsvarleg læringsutbyte i vidaregåande opplæring.
- Vurdere oppretting av 3-årig yrkesfagleg opplæring for vaksne som treng både teori og praksis.
- Samarbeide med skulane om utvikling av nye fleksible modellar for opplæring av minoritetsspråklege med mål om auka læringsutbyte og fullføring.
- Auke ramma til særskilt språkopplæring for å gjere det mogleg for skulane å legge til rette for meir støtte i norskundervisninga.
- Samarbeide med rådgjevarar i ungdomsskulen for å sikre god yrkesrettleiing og gje informasjon om innføringstilbod til minoritetsspråklege elevar og foreldre/føresette.
- Tilby årleg etter- og vidareutdanning til lærarar med mål om å auke praktisk-pedagogisk kompetanse med fokus på minoritetsspråklege.
- Bidra aktivt i arbeidet med oppretting av nettbaserte undervisningstilbod retta mot minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skule. Dette gjeld særleg tilbod innan tospråkleg fagopplæring.
- Vere pådrivar i arbeidet med å utvikle nye og tilpassa læremiddel for minoritetsspråklege i vidaregåande opplæring.



Arkivnr: 2014/22562-1
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	31/14	04.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014

Plan for kompetanseutvikling 2012-2015, tiltak 2015.

Samandrag

Plan for kompetanseutvikling for 2012-2015 viser strategi og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for skuleleiarar, undervisningspersonale, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går frå 2012 til 2015, men planen har blitt rullert årleg. Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien som ligg for perioden. Dei fem utviklings- og tiltaksområda er leiing, gjennomføring, vurdering, digital kompetanse og IKT i opplæringa. Tiltaka blir finansiert av statlege og fylkeskommunale midlar. Rulleringa er utarbeidd i samarbeid med organisasjonane og har vore handsama på informasjons- og drøftingsmøte.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2012-2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Plan for kompetanseutvikling 2012-2015, tiltak 2015.

Fylkesrådmannen, 23.10.2014

PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING 2012-2015. TILTAK 2015

Planen er i tråd med felles nasjonal strategi (Kompetanse for kvalitet) ved KS, lærarorganisasjonane, universiteta og statlege utdanningsmyndigheiter. Planen er forankra i fylkeskommunale føringar, mellom anna i tidlegare vedtekne planar og strategiar, og har vore handsama i drøftingsmøte med organisasjonane.

Utviklings- og tiltaksområde 2012 – 2015 omfattar:

- Leing
- Gjennomføring
- Vurdering
- Digital kompetanse og IKT i opplæringa
- Andre tilsette – støttesystem

Tiltak for 2015

Det vil også i 2015 bli sett i verk skulebasert etterutdanning i samarbeid med Høgskolen i Bergen ved fire vidaregåande skular i HFK. Målet er å gi lærarane konkrete tilnærmingar som kan bidra til å styrke elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skrivning. Eit tilsvarande etterutdanningsopplegg vil bli sett i verk for 25 lærarar frå fem skular for å auke kompetansen når det gjeld undervisning av minoritetsspråklege. Satsinga på skulebaserte læringsprosjekt for å utvikle ny praksis innanfor dei pedagogiske tiltaksområda vurdering og pedagogisk bruk av IKT vil halde fram og styrkast i 2014.

Når det gjeld vidareutdanningstilbodet til lærarar, er det i tiltaksplanen for 2015 føreslått å sette av meir midlar enn det har vore gjort tidlegare år. Det er om lag 50 lærarar som får tilbod om vidareutdanning som ein del av den nasjonale satsinga Kompetanse for kvalitet. Yrkesfag, språkfag og realfag vil bli prioriterte, og det vil bli teke omsyn til skular i distrikta som treng breiare kompetanse for å sikre eit godt fagtilbod. Det er også tilbod om vidareutdanning innan tilpassa opplæring og spesialpedagogikk og rådgjeving, der skuleeigar dekkjer studieavgifta. For skuleleiarane vil det framleis vera deltakinga i det nasjonale rektorutdanningsprogrammet utgjør den viktigaste satsinga. Det er og sett av midlar til anna vidareutdanning innanfor leing.

Finansiering.

Kostnader	Kroner
Lærarar	23 467 500
Andre tilsette og støttesystem	920 000
Fag- og yrkesopplæringa	1 800 000
SUM	26 187 500

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	12 732 500
Eigenbetaling frå skulane	1 550 000
HFK-midlar	11 905 000
SUM	26 187 500

Midlane dekkjer aktivitetar for heile 2015. Det er ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning er rekna med. Desse ressursane er betydelege.

Finansieringa av vidareutdanninga gjennom *Kompetanse for kvalitet* blei endra i 2014. Den største endringa i den reviderte strategien er at staten betaler ein større del av lærarane sitt frikjøp. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar. Fordelinga er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik: 75 % stat og 25 % for lærarar. I 2014 vert det også etablert ei stipendordning, der lærerane kan søkje om å få 100 000 kr. for å ta 30 studiepoeng i prioriterte fag, spesielt matematikk. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien.

Frå statsbudsjettet blir det løyvd midlar til etter- og vidareutdanning i grunnopplæringa. Fylkesmannen i Hordaland vil få tildelt midlar til etter- og vidareutdanning innan prioriterte område. Desse midlane blir fordelt til skuleeigar på bakgrunn av søknad. HFK søker om midlar via fylkesmannen til prioriterte område i tråd med vedlagt plan for kompetanseutvikling. Søknadene er ikkje ferdig handsama før 1. juni, og finansiering og aktivitet må justerast om HFK får mindre enn forventa.

Plan for kompetanseutvikling 2012-2015

Strategi og tiltak 2015



Plan for kompetanseutvikling 2012-2015

Strategi og tiltak 2015

Innhold

Plan for kompetanseutvikling – 2012- 2015

1.0 Overordna føringar	2
1.1 Overordna nasjonale føringar	2
1.2 Overordna fylkeskommunale føringar.....	2
2.0 Mål og strategiar for kompetanseutvikling 2012-2015	3
2.1 Nasjonale og lokale målsetjingar	3
2.2 Strategiar for å nå målsetjingane.....	3
3.0 Utviklings- og tiltaksområde 2012-2015.....	5
3.1 Leiing.....	5
3.2 Gjennomføring.....	6
3.3 Vurdering.....	6
3.4 Digital kompetanse og IKT i opplæringa.....	6
3.5 Andre tilsette i skule - støttesystem	7
4.0 Prioriteringar 2014.....	8
4.1 Etter- og vidareutdanning av lærarar	8
4.2 Andre tilsette i skule – støttesystem	9
4.3 Fag- og yrkesopplæringa.....	9
5.0 Oversikt over tiltak for kompetanseutvikling 2014.....	10
5.1 Lærarar.....	10
5.2 Andre tilsette i skule – støttesystem	11
5.3 Fag- og yrkesopplæringa.....	11
6.0 Finansiering 2014.....	12

Plan for kompetanseutvikling – 2012-2015

Denne planen viser målsetjingar, strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for skuleleiarar, undervisningspersonale, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa¹. Strategiperioden går frå 2012-2015, men planen vil bli rullert årleg i perioden. Planen vil vere ein reiskap for å nå vedtekne nasjonale og fylkeskommunale mål. I løpet av strategiperioden blir det laga fire årlege tiltaksplanar. Denne planen vil avløyse *Plan for kompetanseutvikling 2009-2012*.

Strategidokumentet definerer tre sentrale omgrep knytt til kompetanseutvikling: kompetanse, etterutdanning og vidareutdanning. Kompetanse er kunnskap som er omsett til dugleik, gjennom handling og erfaring (jf. Fylkesplan for Hordaland). Ei form for kompetanseutvikling er etterutdanning, som femnar all utdanning som ikkje gir kompetanseutvikling i form av studiepoeng, men som styrkjer den enkelte sin realkompetanse. Etterutdanninga skal vere praksisnær, vare over noko tid og innebere refleksjon og utprøving mellom samlingane med bruk av arbeidsplassen som læringsarena. Ei anna form er vidareutdanning, som gir ny formell kompetanse på universitets- og høgskulenivå. Dette er tilrettelagte enkeltemne eller vidareutdanningsprogram på lågare eller høgare grad. Vidareutdanning er underlagt eksamens- og vurderingsordningar og gir uttelling i form av studiepoeng.

1.0 Overordna føringar

Plan for kompetanseutvikling 2012-2015 tek utgangspunkt i nasjonale og lokale dokument. I den årlege rulleringa vil planen bli justert ved eventuelt nye føringar.

1.1 Overordna nasjonale føringar

- Stortingsmelding 16 (2006-2007) ...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring
- Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen
- Stortingsmelding 30 (2003-2004) Kultur for læring
- Stortingsmelding 31 (2007-2008) Kvalitet i skulen
- Stortingsmelding 44 (2008-2009) Utdanningslinja
- NOU 2008:18 Fagopplæring for framtida
- Kompetanse for kvalitet. Nasjonal strategi for videreutdanning av lærere

1.2 Overordna fylkeskommunale føringar

- Fylkesplan for Hordaland
- Budsjett, økonomiplan
- Strategi for leiarutvikling i Hordaland fylkeskommune
- Styringsdokument frå Opplæringsdirektøren
- Mål og strategiplan med handlingsplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland
- Tilstandsrapport vidaregåande opplæring. Hordaland fylkeskommune
- Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning

¹ Andre tilsette er rådgivarar, miljøarbeidarar, merkantilt tilsette, reinhaldspersonale og bibliotekansvarlege. Sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa er dagleg og fagleg leiar i bedrift, instruktørar og prøvenemnder.

2.0 Mål og strategiar for kompetanseutvikling 2012-2015

Kapittelet vil gi ei oversikt over nasjonale og lokale målsetjingar og strategiar for etter- og vidareutdanning. Ved den årlege rulleringa av planen må ein ta høgde for at målsetjingane og strategiane kan ha blitt endra. Planen vil då bli tilpassa dei politisk og administrativt vedtekne føringane.

2.1 Nasjonale og lokale målsetjingar

2.1.1 Nasjonale målsetjingar for etter- og vidareutdanning

Etterutdanning

Etterutdanninga skal bidra til auka læringsutbytte for elevane. Etterutdanninga kan vere individuell, gruppe-basert eller skulebasert. Satsinga på etterutdanninga skal vere i tråd med dei føringane om kompetanse-utviklingstiltak som blir gitt i ulike meldingar, satsingar og strategiar. Etterutdanninga skal vere retta inn mot lærarane som profesjonsutøvarar og skulen som ein lærande organisasjon. Kompetanseutvikling som heilt eller delvis blir finansiert med statlege midlar, og anna kompetanseutvikling som skuleeigar gjennomfører, skal inngå i ein heilskapleg plan.

Vidareutdanning

Strategien *Kompetanse for kvalitet* er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet. Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon med å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta og landsdekkjande gjennomføring av vidareutdanning. Strategien skal medverke til å auke statusen til læraryrket, og styrkje tilliten til skulen sin kvalitet. I tillegg til vidareutdanning, omfattar den etterutdanning og rektorutdanninga slik at ein får ein brei strategi for kompetanseutvikling.

2.1.2 Lokale målsetjingar for etter- og vidareutdanning

Fylkeskommunen sin visjon for kompetansepolitikken (jf. Fylkesplan for Hordaland) er: *Hordaland skal vere ein*

lærande region der kompetanse vert systematisk utvikla og nytta i eit samspel mellom dei som tilbyr utdanning

og opplæring, arbeidslivet, organisasjonane og den enkelte innbyggjar.

Opplæringsavdelinga sitt hovudmål for lokale satsingar for skuleåret 2014/15 er:

- auka læringsutbytte og fullføring

Plan for kompetanseutvikling skal medverke til å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Kompetanseutviklinga blir systematisert, og skal fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos skuleleiarar, lærarar, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa. HFK skal forankre den nasjonale strategien for vidareutdanning i organisasjonen, og sikre samanhengen mellom statleg satsing og egne satsingsområde.

2.2 Strategiar for å nå målsetjingane

Både Stortingsmelding 30 (2003-2004) og Stortingsmelding 31 (2007-2008) har vektlagt kompetansen i skuleverket som ein avgjerande faktor for å få betre tilpassa opplæring og for å styrkje dugleikane i elevmassen. Høg fagleg og pedagogisk kompetanse hos lærarane er difor ein sentral føresetnad for elevane si læring.

I planperioden 2012-2015 har Hordaland fylkeskommune (HFK) følgjande strategiar for kompetanseutvikling:

- Skulane skal vidareutvikle ein kultur for kontinuerlig kollektiv læring gjennom innsikt i, og vurdering av eigne resultat. Dette krev ei tydeleg og inkluderande leiing.
- Gjennom å styrkje formell leiarkompetanse skal skuleleiarane utvikle analytisk og pedagogisk kompetanse, evne til å handtere motsetningar og interessekonfliktar og evne til å kommunisere godt med ulike aktørar, internt og eksternt.
- Styrkje og vidareutvikle dei faglege utvala (FAU) som reiskap for å nå breitt ut med kvalitets-sikra etterutdanningstilbod retta mot lærarar, sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa og andre tilsette i vidaregåande skular.
- Skulen skal leggje til rette for at lærarar og andre tilsette utviklar og deler kunnskap og erfaringar i eit profesjonsfelleskap på skulen, og gjennom det oppnå ein felles kunnskapskapital.
- Etterutdanning innan fag- og yrkesopplæringa skal organiserast slik at alle aktørar i fag- og yrkesopplæringa får muligheit til å utvikle felles forståing for eit heilskapleg opplæringstilbod i skule og bedrift.
- Gjennom den nasjonale strategien for vidareutdanning, *Kompetanse for kvalitet*, auke den faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetansen til lærarane gjennom målretta gjennomføring av vidare-utdanning.

Den viktigaste strategien for kompetanseutvikling vil dreie seg om å nå breitt ut, der hovudvekta vil vere på etterutdanning og deling av kompetanse. Ein viktig del av etterutdanninga vil gå føre seg på skulane og i FAU.

HFK vidarefører systemet med 17 FAU:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Helse- og sosialfag
- Medium og kommunikasjon
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon
- Særskilt tilrettelagt opplæring
- Formgjeving
- Framandspråk
- Idrettsfag og kroppsøving
- Musikk, dans og drama
- Norsk
- Realfag
- Samfunnsfag og økonomiske fag

FAU- leiinga har ein tidsressurs til å drifte fagområda på It's learning og for å arrangere fagsamlingar for lærarane på tvers av skulane. Dette skal fremje ein delingskultur, eit tolkingsfelleskap om læreplanar, og ein lik vurderingspraksis. FAU vil få føringar frå Opplæringsdirektøren om særskilte satsingsområde. Dei skal òg kartleggje lærarane sine behov for fagleg påfyll innafor fagområdet, og gi tilbod om kurs i tråd med kartlegginga. Etterutdanningstilbod som blir utvikla med støtte frå Utdanningsdirektoratet, kan skulane ta i bruk til sine interne utviklings- og etterutdanningstiltak.

HFK vil og følgje opp den nasjonale strategien for vidareutdanning. I tillegg vil HFK jobbe for å dekkje lokale

behov som skulane har, som ikkje blir omfatta av statlege tilbod. I samarbeid med universitets- og høgskulesektoren vil lærarar få skreddarsydde vidareutdanningstilbod etter prioriteringar gjort av opplæringsavdelinga.

3.0 Utviklings- og tiltaksområde 2012-2015

I det følgjande kapittelet blir dei prioriterte utviklings- og tiltaksområda for perioden 2012-2015 presenterte. Alle områda står opp om hovudmålet – auka læringsutbytte og fullføring.

3.1 Leining

3.1.1 Leining i skulen

Ei spesiell og langsiktig satsing på kompetanseutvikling for skuleleiarar er eit sentralt verkemiddel i Kunnskapsløftet. God og kvalifisert oppfølging av nasjonale og lokale kvalitetsvurderingssystem krev høg kompetanse. Det faglege og pedagogiske leiarskapet skal styrkast, og fokus og innhald må vere retta mot leiaraktivitetar som kan medverke til skuleutvikling og auke elevane sitt læringsutbytte.

Strategi for auka formell skuleleiarkompetanse i HFK 2012-2015

I tråd med intensjonane i Stortingsmelding 30 er det no etablert fleire tilbod om formell utdanning innanfor skuleleiing. Eitt av desse er rektorskulen som gir 30 studiepoeng og kan inngå i ein mastergrad. Tilbodet er fleirfagleg, men hovudvekta er lagt på faglegpedagogisk leining. Rektorar som har gjennomført utdanninga gir gode tilbakemeldingar, og det er aukande interesse for deltaking i fylket. På lang sikt har HFK eit mål om at alle skuleleiarar i fylket skal ha formell skuleleiarkompetanse tilsvarande minimum 30 studiepoeng. Høg deltaking frå HFK i rektorskuleprogrammet i Hordaland vil inngå som hovudelement i opplæringsavdelinga sin strategi for 2012-15 når det gjeld formell leiarskuleing. Rektorar, assisterande rektorar og avdelingsleiarar vil bli prioriterte.

Strategi for utvikling av faglegpedagogisk leiarkompetanse for pedagogiske skuleleiarar i HFK 2012-2015

Skuleeigar skal aktivt medverke til å etablere og vedlikehalde ein læringsarena knytt til fagleg-pedagogisk kvalitetsutviklingsarbeid. Strategien skal medverke til systematisk erfaringsdeling mellom skular, og skal vidareutvikle skuleleiarane sin kompetanse på følgjande område:

- Analysekompetanse/fortolkingskompetanse (kompetanse til å tolke resultat, forskingsfunn, felles forståing av pedagogiske styringsdokument frå sentralt og lokalt hald)
- Kunnskap om elevane sine læringsprosessar, læringsutbytte, vurdering
- Organisasjons- og leiningsteori med hovudvekt på leining av lærande organisasjonar

3.1.2 Leining i lærebedrifta

Lærebedrifta skal ha fagleg leiar, det vil seie ein fagleg kvalifisert person i det enkelte lærefaget. Fagleg leiar har ansvaret for og tilsynet med at opplæringa skjer i høve til opplæringslova og forskrifta.

For å kunne gi bedriftsleinga betre kompetanse i kva krav bedrifta må fylle som lærebedrift, vil fagopplæringskontoret halde kurs for nye lærebedrifter. Målgruppa her er fagleg leiar og dagleg leiar, og hovudtema er rolle og ansvar som lærebedrift. Fagopplæringskontoret vil òg følgje opp lærebedriftene gjennom møte, der rettar og pliktar som lærebedrift er tema.

3.2 Gjennomføring

3.2.1 Auka gjennomføring

Det nasjonale prosjektet Ny GIV er avslutta, men tiltaka skal implementerast vidare i vidaregåande opplæring. Målet er framleis ei gjennomføring på 80% i Hordaland i 2015.

I Hordaland fylke sitt styringsdokument er hovudmålet auka læringsutbytte og fullføring. Den sentrale kompetansehevinga i grunnleggjande ferdigheitar i lesing, skriving og rekning er fullført for ei ny gruppe i Hordaland i 2014. Opplæringa blei gjennomført for ca 100 nye lærarar i grunnleggjande ferdigheitar.

Utfordringa i 2015 er å leggje til rette for å etablere faste strukturer for fortsatt innsats for auka fullføring utover prosjektperioden, i tråd med dei erfaringane som er gjort i prosjektet, for å nå målsettinga i 2015. Ei hovud-utfordring er å forankre målet i alle ledd i organisasjonen, hos skuleeigar og skuleleiing på kvar skule.

Tilbodet om 3 samlingar med etterutdanning av rådgivarane i det 13-årige løpet held fram også i 2015.

3.2.2 Klasseleiing

Klasseleiing er eit prioritert tiltaksområde i 2014/15 for å styrke innsatsen retta mot å betre læringsmiljøet. Kompetansehevinga skjer for det meste lokalt på skulane.

3.3 Vurdering

3.3.1 Vurdering i skulen

I strategiperioden 2012-15 er det behov for å ha merksemd retta mot **læringsaspektet ved vurdering**. Vidare oppfølging og kunnskapsutvikling på området vil i hovudsak følgjast opp innanfor dei ordinære arenaene for kvalitets- og kompetanseutvikling som til dømes:

- System for verksemdbasert vurdering
- FAU- systemet
- Samlingar for skuleleiarar
- Skulebasert etterutdanning, fem skular

3.3.2 Vurdering i lærebedrifta

Etter Kunnskapsløftet har instruktøren i lærebedrifta fått eit større ansvar. Både lærlingen sine prestasjonar og bedrifta si opplæring skal vurderast. Det er naudsynt at fagleg leiar og instruktør er fagleg oppdatert, kjenner læreplanverket, og er i stand til å planleggje, rettleie og vurdere opplæringa undervegs. Fagopplæringskontoret held kurs for instruktørar, faglege leiarar og også yrkesfaglærarar. Prøvenemnda har ansvaret for utforming av fag- og sveineprøva, og gjennomfører sluttvurderinga. HFK skal sikre at prøvenemnda har tilfredsstillande vurderingsfagleg kompetanse, og har ansvaret for å gi nemnda den opplæringa dei treng for å utføre arbeidet sitt i tråd med krava i forskrifta.

3.4 Digital kompetanse og IKT i opplæringa

3.4.1 Digital grunnkompetanse/fagretta kompetanse hos skuleleiarar og lærarar

Hausten 2011 blei den digitale grunnkompetansen hos alle skuleleiarar og lærarar i HFK kartlagt for fyrste gong. Opplæringsavdelinga har i denne samanhengen definert ein minstestandard for digital grunnkompetanse. Vidare er dette eit fyrste forsøk på å sikre at elevane får digital kompetanse gjennom vidaregåande opplæring, jf. Kunnskapsløftet. Parallelt med at den digitale grunnkompetansen

blir sikra, må også den fagspesifikke digitale kompetansen aukast. Dette er ein kompetanse som ikkje er statisk då det stadig blir utvikla fagspesifikke program, tenester, media og nettstader. Det pedagogisk digitale støttesystemet (PDS)² må difor vidareutviklast i planperioden for å sørge for at den naudsynte kompetansen når alle ledd i organisasjonen.

Den digitale satsinga er relativt ung i skulesamanheng, noko som tydar at når det gjeld god pedagogisk bruk av IKT- verktøy er vi framleis i byrjinga. For å utnytte potensialet i læring ved hjelp av IKT- verktøy i større grad må lærarar utvikle metodisk kompetanse i bruk av nye media. Eit døme på dette er «omvendt undervisning», kor elevane oppdaterer seg på nytt fagstoff heime ved hjelp av video/ podcast og liknande³, i staden for at dette skjer i klasserommet. Dermed blir det mogleg å nytte tida på skulen til å praktisere ny kunnskap, og drive med til dømes meir tilpassa opplæring. Generelt er det viktig i planperioden å vidareutvikle pedagogiske praksisar på den einskilde skule, og vidare dele desse gjennom ulike nettverk/arena – digitale og analoge.

3.4.2 Leiarar og lærarar i digitale omgivningar – nye utfordringar

Bruk av digitale verktøy og media i undervisninga blir viktig i planperioden. Dei gjer det mogeleg å nå Målsetjingar om auka elevmedverknad, eigenvurdering for elevane, tilpassa opplæring osv. på ein annan måte enn tidlegare. Dette føreset at skuleleiarar og lærarar har kompetanse i høve til korleis det er mogeleg å nytte ulike digitale verktøy og media på ein metodisk god måte, på bakgrunn av tankar rundt kva som er viktig å lære. Det blir viktig for skulane å bu seg på endringane som kjem ved i større grad å definere kva «pedagogisk plattform» ein vel å følgje i tida framover. Til dømes vel fleire skular no å leggje opp til eit «sosiokulturelt læringsperspektiv»⁴ i høve til læringsarbeidet, der mellom anna samarbeid, dialog og delingskultur er nøkkelord. Den pedagogiske plattformen må vere godt kjent blant leiarar og pedagogisk tilsette på skulane. Gjennom å vidareutvikle rollene til skuleleiarar og lærarar vil skulane bli betre i stand til å takle dei behova og utfordringane som gjer seg gjeldande framover. Skuleleiarane må auke sin pedagogiske kompetanse for å leggje til rette for at lærarar kan skape ein kollektiv læring gjennom deling av digital kompetanse og pedagogisk bruk av IKT- verktøy. Lærarane må vidareutvikle sine metodekunnskapar i lys av skulen sine målsetjingar for læringsarbeidet, slik at elevane får ein større plass i planlegging, produksjon og vurdering av fag- og læring.

3.5 Andre tilsette i skule - støttesystem

Opplæringsavdelinga har eit særskilt ansvar for å sikre felles skulering av andre grupper enn lærarane. Skuleleiarane og rådgivarane er særleg prioriterte, men det er og andre grupper støttesystem som er viktige for å sikre kvaliteten i opplæringa. Dette er miljøarbeidarar, bibliotekarar, merkantilt tilsette og reinhaldspersonale.

Rådgivinga som elevane har tilgang til skal medverke til å gi ei opplæring som er tilpassa den enkelte sine føresetnader og gi moglegheiter for å klare seg i arbeidslivet. Vidare vil god rådgiving kunne føre til færre omval og gi betre gjennomføring. Styrking av rådgivartenesta har vore eit prioritert område, og vil vere det også vidare i strategiperioden 2012-2015. Rådgivartenesta i Hordaland er delt i to hovudområde, sosialpedagogisk rettleiing og utdannings- og yrkesrettleiing. Rådgivarar får tilbod om vidareutdanning gjennom lokale prioriteringar. Mellom anna skal nyttilsette rådgivarar gjennomføre vidareutdanning innan tre år etter tilsetjing.

² PDS består av IKT- konsulentar, e- pedagogar, e- koordinatorar og superbrukarar, etablert for å i dra til drift, kompetanseheving og for å støtte utviklinga a pedagogisk bruk av digitale læringsmidlar.

³ Sjå video om «Flipped classroom» («omvendt undervisning» er norsk oversetjing) - <http://www.youtube.com/watch?v=2H4RkudFzlc> eller nettstaden <https://sites.google.com/site/omvendtundervisning/>

⁴ Sjå mellom anna Dysthe 200) Sosiokulturelle læringsperspektiv på kunnskap og læring. Frå Dialog samspill og læring, Abstrakt Forlag AS eller Mattias Øhra (2004): Sosiokulturelt læringsperspektiv.

HFK skal betre rekrutteringa av, og auke kompetansen hos **miljøarbeidarar**. For å sikre at denne gruppa har den naudsynte kompetansen, skal det leggjast til rette for at fleire får tilbod om å ta fagbrev innan relevante utdanningar. FAU for særskilt tilrettelagt opplæring sørgjer mellom anna for etterutdanningstilbod for miljøarbeidarane med arbeidsplass i grupper med redusert elevtal.

Arbeidet med **bibliotekutvikling** i vidaregåande opplæring er forankra i eit eige plandokument, *Strategisk plan for bibliotek i vgs i Hordaland 2012-2015*. I planperioden vil det bli satsa breitt på kompetanseutvikling, og på å gjennomføre kompetansehevande møte, kurs og konferansar. I denne perioden er det nettverksbygging som er hovudsatsinga. Den faglege oppdateringa av **merkantilt tilsette og reinhaldspersonale** skal aukast gjennom at fleire får tilbod om å ta fagbrev innan relevante utdanningar.

OT/PPT skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Lærlingar og lærekandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skule. OT/PPT skal vere sakkunnig instans der Opplæringslova krev det. OT/PPT har ein eigen kompetanseplan for dei tilsette.

4.0 Prioriteringar 2015

Prioriteringane for vidareutdanning i 2015 byggjer på data frå Extens, som syner at det er naudsynt med auka formalkompetanse innan yrkesfag og språkfag. Dette dannar grunnlag for prioriteringar innan den nasjonale satsinga på vidareutdanning, *Kompetanse for kvalitet*.

Fagutvala vil òg kontinuerleg kartleggje behova for fagleg etterutdanning for lærarane som bakgrunn for sine prioriteringar. Skulane kartlegg og held sjølve oversyn over kva kompetanse og kompetansebehov skulane har. Skulane sine satsingsområde kan dei innarbeide i eigne utviklingsplanar.

Hausten 2012 fekk kvart av dei yrkesfaglege FAU eit ekstra medlem frå bedrift eller bransje, som representerer det aktuelle fagområdet. Formålet med dette er å styrkje samarbeidet mellom skule og arbeidsliv, og å lette overgangen for elevane mellom opplæring i skule og bedrift.

4.1 Etter- og vidareutdanning av lærarar

4.1.1 Etterutdanning av lærarar

Fagutvala skal arrangere fagsamlingar i tråd med denne kompetanseplanen og føringane frå Opplæringsdirektøren. Tiltaksområda er *klasseleiing, vurdering, og bruk av IKT i læringsarbeidet*. FAUa skal òg halde fag-spesifikke og fagdidaktiske kurs/samlingar.

FAU sitt arbeid skal ha ei slik prioritering:

- Vidareutvikle vurderingskultur og utarbeide kjenneteikn på måloppnåing i faga. Lokalt læreplanarbeid, der dei yrkesfaglege FAU spesielt skal ha fokus på Prosjekt til fordjuping og kompetansemål på Vg3.
- Jobbe med korleis IKT kan utvikle og forbetre opplæringa og vurderinga i faga. FAU skal halde seg oppdaterte om digitale læremiddel generelt, og vere i kontakt med dei respektive fagredaksjonane i NDLA. FAU bør òg ha oversikt over kva for verktøy som finst i eigne fag, og kva verktøy som trengs. FAU skal samarbeide med e-Pedagogane og e-Koordinatorane i HFk, t.d. gjennom kurs, workshops og utviklingsprosjekt i faga.
- Fagspesifikk etterutdanning som lærarane har behov for.

4.1.2 Vidareutdanning av lærarar

Gjennom den nasjonale satsinga på vidareutdanning blir fylkesmannsembeta tildelt eit bestemt tal studieplassar, jf. *Kompetanse for kvalitet*. Desse midlane er søkbare for skuleeigar. Det er krav om eigenbetaling frå skuleeigar. Storleiken på eige utviklingsbudsjett vil derfor vere avgjerande for kor sterkt Hordaland fylkeskommune kan delta i satsinga. I 2014 sette HFK av meir midla til kompetanse for kvalitet enn kva som har vore gjort tidligare år. Dette svarar til om lag 50 studieplassar avhengig av kva lærarane søkjer på. Det er ulike finansieringsmodellar etter kva fag som blir valt. I 2015 er det sett av same sum midla som i 2014.

HFK har gjort ei slik prioritering av fag:

Kompetanse for Kvalitet

- Yrkesfag, Språk- og realfag. Sårbare tilbod i distrikta som har rekrutteringsbehov vil bli prioriterte.

Annan vidareutdanning:

- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk
- Rådgiving/karriererettleiing

4.2 Andre tilsette i skule – støttesystem

Av dei tilsette i skulen som ikkje blir gruppert under lærarar, er det skuleleiarar og rådgivarar som blir prioriterte.

- Skuleleiarar: rektorutdanning
- Rådgivarar: Karriererettleiing, sosialpedagogikk
- Merkantil tilsette og reinhaldspersonale: Tilbod om fagbrev
- Bibliotekansvarlege: Skulering av fagbibliotekarane. Nettverk for bibliotekansvarlege i regi av fagbibliotekarane
- Miljøassistentar: Tilbod om fagsamlingar
- OT/PPT har ein eigen plan for kompetanseutvikling

4.3 Fag- og yrkesopplæringa

Målgruppa er bedriftsleinga, faglege leiarar, instruktørar, prøvenemnder og yrkesfaglærarar. Følgjande område er prioriterte: Læreplanforståing og kompetanse på vurdering og rettleiing.

- Opplæring av prøvenemnder, med særleg fokus på vurderingskompetanse
- Opplæring av faglege leiar og instruktør med vekt på vurdering og rettleiing
- Gjennomføring av innføringskurs for nye lærebedrifter
- Hospitering

5.0 Oversikt over tiltak for kompetanseutvikling 2015

5.1 Lærarar

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Delingskultur Læreplanarbeid	FAU, frikjøp	5 050 000
	Fagsamlingar/kurs i regi av FAU	
Elevvurdering	Vurdering for læring	980 000
Den digitale skule	Skulering PDS	3 600 000
	Skulering på skulane v/e-Koordinatorar	
	Læringsprosjekt/ Dei gode døma	
	e-koordinatorane	
Vidareutdanning	Nasjonal strategi, 30 studiepoeng	12 517 500
	Rådgivarutdanning	
	Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	
Lesing i alle fag, skulebasert	Etterutdanning, tilbod til nokre skular	620 000
Faglegpedagogisk dag, UiB Etterutdanning, realfag	Lærarar kan delta på førelesingar ved UiB	
Nordic Teachers' Space Camp		
Etterutdanning	Grunnleggande ferdigheiter	
Etterutdanning, lærarar med minoritets-elevar	Tilbod til skular i samarbeid med HiB	
Hospitering	Etterutdanning, lærarar	700 000
SUM		23 467 500

5.2 Andre tilsette i skule – støttesystem

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Skuleleing		350 000
Rektorutdanning og andre leiarutviklingstiltak	Deltaking i tilbodet om skuleleiarutdanning, 30 stp	
Vurdering for læring	Etterutdanningskurs	
Rådgivingsfeltet		500 000
Rådgivarar	Kursrekke i samarbeid med Bergen kommune	
Utdanningsval Ungd. trinnet og Senter for yrkesrettlegg	Skulering av lærarar i utdanningsval	
Andre		70 000
Bibliotekansvarlege	Nettverk, samlingar	
Reinholdspersonale	Fagbrev til fleire	
	SUM	920 000

5.3 Fag- og yrkesopplæringa

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Instruktørar/ faglege leiarar i bedrift	Opplæring av instruktørar, faglege leiarar	1 150 000
Prøvenemnder, yrkesutval og klagenemnder	Kurs i høve til Kunnskapsløftet og kvalitetssikring/dokumentasjon av innhaldet i fag-/sveineprøva	650 000
SUM		1 800 000

6.0 Finansiering 2015

Kostnader	Kroner
Lærarar	23 467 500
Andre tilsette og støttesystem	920 000
Fag- og yrkesopplæringa	1 800 000
SUM	26 187 500

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	12 732 500
Eigenbetaling frå skulane	1 550 000
HFK-midlar	11 905 000
SUM	26 187 500

Midlane dekkjer aktivitetar for heile 2015. Det er ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning, er rekna med. Desse ressursane er betydelege.

Endringane i den statlege strategien med meir målretta utvikling av kompetansemiljø og tydelegare krav til bruk av dei statlege midlane vil få konsekvensar for finansieringa av tiltaka. Midlane frå staten til etterutdanning har gått drastisk ned dei siste åra. Midlane blir i stor grad kanalisert gjennom universitets- og høgskulesektoren.

Finansieringa av vidareutdanninga gjennom *Kompetanse for kvalitet* blei endra i 2014. Den største endringa i den reviderte strategien er at staten betalar ein større del av lærarane sitt frikjøp. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar. Fordelinga er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik 75 % stat og 25 % for lærarar. I 2014 vert det også etablert ei stipendordning, der lærarane kan søkje om å få 100 000 kr. for å ta 30 stp. i prioriterte fag, spesielt matematikk. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 BERGEN

Tlf: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Oktober, 2014, opplæringsavdelinga



Arkivnr: 2014/22192-1
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	32/14	04.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014
Fylkestinget		09.12.2014

Endring av fagskulen sin plass i styringssystemet

Samandrag

På førespurnad frå styreleiar i Hordaland fagskulestyre har administrasjonen ved Opplæringsavdelinga fått utarbeidd eit notat om fordeling av oppgåver og kompetanse etter fagskulelova. Ved ulike høve har det vore uklart kven som har kompetanse til å fatte vedtak i einkilde saker, og dette er bakgrunnen for notatet. Notatet konkluderer med at skuleeigar for Fagskolane i Hordaland har avgrensa styringsrett jf. fagskulelova, og at Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan for Fagskolane i Hordaland. På grunn av dette bør ein vurdere styrevedtekter og organiseringa av fagskulestyret i det fylkeskommunale styringssystemet på nytt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber om at:

1	Fylkesrådmannen utarbeider ei sak til Fylkestinget med forslag om endring av vedtektene for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova.
2	Fylkesrådmannen gjennomgår og vurderer formelle sider ved organiseringa av sekretariatsfunksjonen.
3	Hordaland fagskulestyre vert oppmoda om å vurdere å utarbeide eit delegasjonsdokument som formaliserar kva oppgåver som er lagt til Opplæringsavdelinga og Personalseksjonen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Fordeling av oppgaver og kompetanse etter fagskuleloven

Fylkesrådmannen, 25.10.2014

På førespurnad frå styreleiar i Hordaland fagskulestyre har administrasjonen ved Opplæringsavdelinga fått utarbeidd eit notat om fordeling av oppgåver og kompetanse etter fagskulelova. Advokatkontoret Thommessen har hatt oppdraget og har utarbeidd notatet (sjå vedlegg). Bakgrunnen for å utarbeide eit notat om fordeling av oppgåver og kompetanse etter fagskulelova er at det ved ulike tilhøve har vore uklart kven som har kompetanse i ulike saker om fagskuletilbodet i Hordaland og Fagskolane i Hordaland.


Dagens organisering og styring av Fagskolane i Hordaland

Hordaland fylkeskommune er eigar av tre fagskular under nemninga *Fagskolane i Hordaland*. To av fagskulane er kombinerte skular; dei er både vidaregåande skule og fagskule, medan ein av fagskulane er rein fagskule. Dei tre fagskulane er:

- Bergen maritime fagskole (kombinert)
- Bergen tekniske fagskole
- Hordaland helsefagskule (kombinert, Fusa vgs)

Alle dei tre fagskulane har ein eller fleire studiestader under seg og er såleis breitt representert i regionen.

Dei tre fagskulane har eitt felles styre (Hordaland fagskulestyre), felles reglement og felles kvalitetssikringssystem. Den formelle organiseringa av Fagskolane i Hordaland er illustrert i figuren under.



Hordaland fagskulestyre er samansett av 5 politikarar som er utnemnt frå Opplærings- og helseutvalet, i tillegg til éin studentrepresentant og éin tilsettrepresentant.

Forvaltningsansvar for fagskulane

I 2010 fekk fylkeskommunane forvaltningsansvar for fagskuletilbodet i fylka. I dette ligg eit overordna ansvar for at fylkeskommunen har eit fagskuletilbod som imøtekjem lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov jf. fagskulelova § 1a. Det vert gjeve årlege rammetilskot til dei offentlege fagskulane i dei respektive fylka. I 2015 får Hordaland fylkeskommune om lag 78 millionar kroner i rammetilskot, og Hordaland er det fylket som er størst på fagskule i høve til offentlege fagskuleutdanningar.

I samband med forvaltningsansvaret fekk fylkeskommunane også delegert tilskotsansvar frå Helsedirektoratet til offentlege og private tilbydarar av helsefagskuleutdanningar. Dette er ei ordning som vart etablert i samband med *Omsorgsplan 2015* og *Kompetanseløftet 2015*.

«Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen» (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og ansvarleg for å godkjenne all høgare utdanning.

Fordeling av oppgåver og kompetanse jf. fagskulelova

Fagskulelova (§ 3 første ledd) seier at ein fagskule skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan, og bestå av minst fem personar. I tillegg skal ein studentrepresentant og ein tilsettere representant ha tale- og stemmerett i saker som angår studentane eller tilsette. Bakgrunnen for at fagskulane skal ha eit styre er at det er «viktig å kunne identifisere et organ som er ansvarlig for fagskoleopplæringen» jf. Ot. prp. nr. 39 (2006-2007), side 23. Det er styret som vert rekna som tilbydar i høve til fagskulelova og som er ansvarleg overfor NOKUT.

Thommessen framhevar i sitt notat at styrevervet er personleg, og at ikkje tilfredstillande ivaretaking av styreoppgåvene i verste fall kan føre til personleg ansvar.

Hordaland fagskulestyre

Hordaland fagskulestyre er som nemnt øvste styringsorgan for Fagskolane i Hordaland og har forvaltnings- og tilsynsansvar med Fagskolane i Hordaland. Ein kan samanlikne dette med posisjonen til styret i eit aksjeselskap. Til dømes er det styret som kan uttale seg på vegner av Fagskolane i Hordaland i høve til mellom anna medieomtale eller høyringar.

Styret har mellom anna ansvar for:

- fagskulane si drift
- informasjon til NOKUT og søkjarar til fagskuleutdanning
- at fagskulane overheld gjeldande lover og reglar
- ansvar for studieplanar og kvalitetssikring av desse
- studentane sitt læringsmiljø (fysisk og psykisk arbeidsmiljø)
- handsaming av klagar eller for å opprette ei særskilt klagenemnd

Styret er vidare ansvarleg for å tilsette administrativ og fagleg leiding (fagskulelova § 3 tredje ledd), og fastsette krav til lærar- og instruktørkompetanse. Ein del av oppgåva som fagskulestyret har gjennom fagskulelova kan verte delegert til administrasjonen ved den einskilde fagskule eller fylkesadministrasjonen. Dette må i så fall verte delegert gjennom eit fullmaktsdokument eller eit styrevedtak.

Fylkestinget

Fylkestinget har etter fagskulelova to roller:

1. Ansvar for at det vert tilbydd godkjent fagskuleutdanning i fylket i samsvar med fagskulelova § 1a. I tillegg har fylkestinget eit overordna ansvar for at søknader frå tilbydarar av godkjent fagskuleutdanning om offentleg tilskot vert handsama (fagskulelova § 8 første ledd). Denne oppgåva har ikkje samband med drift av dei eksisterande fagskulane.
2. Fylkestinget skal forvalte fylkeskommunen sitt eigarskap i Fagskolane i Hordaland. Posisjonen kan samanliknast med generalforsamlinga i eit aksjeselskap som er det overordna eigarorganet – men som ikkje er involvert i den daglege drifta.

I forarbeida til fagskulelova er dette formulert slik *”Fylkestinget er formell eier, men den reelle styringsretten ligger i styret for fagskolen.”* (Ot. prp. nr. 39 (2006-2007) side 23).

Konkret har fylkestinget som skuleeigar til oppgåve å:

- velje personar til fagskulestyret/avsette styret
- fastsette vedtekter for styret
- sørge for finansiering (over budsjett) som ivaretek styret sin styringsrett.

Andre politiske organ

Av dei politiske organa i Hordaland fylkeskommune er det berre Opplærings- og helseutvalet som har ei rolle i styringa av fagskuletilbodet i fylket. Etter Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglementet

punkt 31 skal dette utvalet handsame søknader om tilskot i følgje fagskulelova § 8 første ledd. Til dømes gjeld dette fordeling av tilskota til helsefagskuletilboda som nemnt tidlegare i saka.

Andre politiske organ og utval har ingen kompetanse, verken gjennom lova eller delegasjon, når det gjeld fagskuletilbodet eller Fagskolane i Hordaland. Dersom Fylkestinget ønskjer at Fylkesutvalet eller Opplærings- og helseutvalet skal førebu saker eller ta avgjerder i høve Fagskolane i Hordaland, må det ligge føre ein konkret delegasjon frå Fylkestinget av oppgåver innanfor Fylkestinget sin kompetanse.

Konklusjonar - oppgåver og kompetanse

Hordaland fagskulestyre sine oppgåver og kompetanse ser formelt ut til å vere i samsvar med fagskulelova. Likevel har det oppstått uklare situasjonar som tyder på at eit uavhengig styre i praksis ikkje har vore lagt til grunn fullt ut internt i fylkeskommunen. Thommessen understrekar at eigar (Fylkestinget og eventuelt underordna organ som Fylkestinget gjev myndigheit til gjennom delegasjon) har ein svært avgrensa styringsrett. Dersom Fylkestinget ønskjer å gje føringar for Fagskolane i Hordaland sine prioriteringar – eksempelvis oppretting av nye studietilbod, bruk av bestemte IT-system mm. – kan det gjerast i form av eit tildelingsbrev der det vert gjeve vilkår for tildelinga av midlar (finansiering).

Vidare peikar Thommessen på at det ikkje er høveleg at Hordaland fagskulestyre formelt er organisert som eit utval under Fylkestinget. Dette kan gje inntrykk av at styret er ein del av den ordinære fylkeskommunale forvaltninga og føre til uklare forhold i høve til myndigheit og kompetanse. Rolla som styremedlem i Hordaland fagskulestyre skil seg markant frå rolla som ordinært utvalsmedlem, og styreoppgåva skal forvaltast på lik line med styreoppgåva i andre fylkeskommunale verksemder, til dømes Bybanen AS.

Andre einingar - oppgåver og kompetanse

Dei administrative einingane i fylkeskommunen er i utgangspunktet ikkje gjeve oppgåver eller kompetanse etter fagskulelova. I den grad dei administrative einingane har oppgåver eller kompetanse etter fagskulelova, er det på bakgrunn av delegasjon frå styret eller eigar innanfor dei respektive styringsrettane.

Styret kan ikkje delegere bort oppgåver eller kompetanse som fagskulelova spesifikt legg til styret, til dømes kravet om at styret skal tilsette fagleg og administrativ leiing (fagskulelova § 3 tredje ledd). Styret kan be administrasjonen på den einskilde skule og/eller Opplæringsavdelinga om å førebu saka for styret så lenge det er styret som fattar vedtak.

Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen har ikkje fått delegert kompetanse frå eigar, men har fått i oppgåve å syte for at styret har eit sekretariat (styrevedtektene punkt 5). I praksis er sekretariatsfunksjonen lagt til Opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen har ikkje fått delegert oppgåver eller kompetanse frå styret.

I vedtektene til Hordaland fagskulestyre står det at Fylkesrådmannen har ein viss instruksjonsrett over styret. Punkt 11 i vedtektene seier:

Fylkesrådmannen kan instruera fagskulestyret om at iverksetjing av ei sak skal utsetjast til kompetent politisk organ har handsama saka.

Det er uklart kva saker som er omfatta av denne instruksjonsretten, og kva politiske organ som eventuelt er kompetent etter fagskulelova til å handsame saker som høyrer inn under Hordaland fagskulestyre. Dei administrative og politiske organa i Hordaland fylkeskommune kan ikkje ha instruksjonsmyndigheit over Hordaland fagskulestyre. Styrereglementet punkt 11 er såleis ikkje i samsvar med fagskulelova.

Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga ved fylkesdirektør opplæring fungerer som sekretariat for Hordaland fagskulestyre, men er ikkje gjeve ei formell rolle. Opplæringsavdelinga utfører ei rekkje oppgåver på vegne av styret som til dømes:

- saksførebuing til styremøta
- saksførebuing til Hordaland fagskulestyre si klagenemnd

- oversending av studentdata til aktuelle myndigheter
- marknadsføring av fagskuletilbodet
- oppfølging av kvalitetssikringssystemet for fagskulane

Personalseksjonen

Personalseksjonen utfører ulike støttefunksjonar for Fagskolane i Hordaland, slik som for dei vidaregåande skulane i fylket, men har ikkje formelle delegasjonar frå Hordaland fagskulestyre til å utføre desse oppgåvene. Av di fagskulelova legg ansvaret for tilsetting av fagleg og administrativ leiing direkte til fagskulestyret, må nokre av tilsettingane endeleg handsamast i Hordaland fagskulestyre. Vidare vil styret som ansvarleg for undervisningstilbodet, kunne ha eit legitimt behov for å bestemme kven som skal arbeide på fagskulane, og ha behov for å kunne instruere dei tilsette.

Tilråding for vidare arbeid

På bakgrunn av saksframlegget vil Fylkesrådmannen tilrå følgjande tiltak:

1. Fylkesrådmannen utarbeider ei sak til Fylkestinget med forslag om endring av vedtektene for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova.
2. Fylkesrådmannen gjennomgår og vurderer formelle sider ved organiseringa av sekretariatsfunksjonen.
3. Fylkesrådmannen ber Hordaland fagskulestyre vurdere å utarbeide eit delegasjonsdokument som gjer det tydeleg kva oppgåver som er lagt til Opplæringsavdelinga og Personalseksjonen.

NOTAT

Til Hordaland fylkeskommune v/seksjonsleder Linda Farestveit
Fra Advokatfirmaet Thommessen AS v/ Hilde Ruus og Wenche Sædal
Dato 4. juli 2014
Ansvarlig advokat: Svein Aage Valen

FORDELING AV OPPGAVER OG KOMPETANSE ETTER FAGSKOLELOVEN

1	INNLEDNING	2
2	KONKLUSJON OG ANBEFALING	2
3	BAKGRUNN	3
4	GJELDENE ORGANISERING OG LEDELSE AV FAGSKOLANE I HORDALAND	3
4.1	Innledning	3
4.2	Eier	4
4.3	Styret	4
4.4	Øvrige involverte organ	5
5	FORDELING AV OPPGAVER OG KOMPETANSE ETTER FAGSKOLELOVEN	6
5.1	Innledning	6
5.2	Eier	6
5.3	Styrets oppgaver og kompetanse	7
5.4	Øvrige enheters oppgaver og kompetanse	9

1 INNLEDNING

Hordaland fylkeskommune ("HFK") har bedt oss redegjøre for hvilke krav lov av 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning ("fagskoleloven") stiller til styring og organisering av fylkeskommunale fagskoler. Vi er også bedt om å vurdere hvorvidt dagens organisering av fagskolene i Hordaland er i tråd med fagskoleloven, samt foreslå eventuelle nødvendige endringer i Fullmaktsreglementet for Hordaland fylkeskommune, vedtatt 28. januar 2008 ("Fullmaktsreglementet") og Delegasjonsreglementer for Hordaland fylkeskommune, vedtatt 13. juni 2007 ("Delegasjonsreglementet").

2 KONKLUSJON OG ANBEFALING

Vår overordnede konklusjon er at HFK – med enkelte unntak – har organisert fagskolene på en måte som formelt sett er i samsvar med fagskoleloven. Det følger imidlertid av redegjørelsen i punkt 5 nedenfor at HFKs praksis ikke fullt ut er i samsvar med fagskoleloven. Det foreligger derfor et behov for å tydeliggjøre rollene til de involverte fylkeskommunale organene.

Vi **anbefaler** at rollene klargjøres og at det foretas enkelte mindre justeringer i det interne regelverket, herunder at:

- Retningslinjene for Hordaland fagskulestyre av 14. september 2011 ("Styrereglementet") punkt 5 endres slik at sekretariatsfunksjonen legges direkte til Opplæringsavdelinga v/Fylkesdirektør for opplæring i stedet for Fylkesrådmannen.
- Styrereglementet punkt 11 fjernes ettersom den er egnet til å skape uklarhet om Fylkesrådmannens rolle og Hordaland fagskulestyres kompetanse til å fatte selvstendige beslutninger.
- Hordaland fagskulestyre delegerer de administrative oppgavene til Opplæringsavdelinga på fast basis. Delegasjonen kan skje i form av et styrevedtak.
- Det tydeliggjøres internt at Organisasjonsavdelinga v/Personalseksjonen ivaretar arbeidsgiveransvaret for personalet ved Fagskolane i Hordaland i samråd med Hordaland fagskulestyre (nødvendigjør ikke formelle endringer).
- Det tydeliggjøres internt at Fylkesutvalget og Opplærings- og helseutvalget ("OPHE") ikke er gitt oppgaver eller kompetanse når det kommer til Fagskolane i Hordaland.

I tillegg til det ovennevnte **anbefaler** vi at det sendes et notat til de involverte organene om fordelingen av kompetanse og oppgaver mellom de ulike fylkeskommunale organene når det gjelder Fagskolane i Hordaland og fagskoleloven ("Fagskolane i Hordaland - hvem gjør hva"), se vedlagt utkast.

Vi mener at det neppe er hensiktsmessig at Hordaland fagskulestyre formelt er organisert som et utvalg under Fylkestinget. Dette kan gi inntrykk av at styret er en del av den ordinære fylkeskommunale forvaltningen og føre til uklarhet hva gjelder myndighet og kompetanse. Vi **anbefaler** derfor at HFK vurderer denne organiseringen, herunder hvorvidt det er hensiktsmessig at flertallet av styremedlemmene utpekes blant medlemmer fra OPHE.

3 BAKGRUNN

Fylkeskommunen har opplyst at det i praksis har oppstått en del uklarheter og utfordringer knyttet til fordeling av kompetanse og oppgaver etter fagskoleloven, eksempelvis:

- Uenighet om hvilke rolle Fylkesutvalget og OPHE skal ha når det gjelder Fagskolane i Hordaland, herunder om Hordaland fagskulestyre har anledning til å sende saker direkte til Fylkestinget for behandling, eller om sakene først skal behandles av Fylkesutvalget og/eller OPHE.
- Uenighet mellom Fylkesutvalget/OPHE og Hordaland fagskulestyre om tilbudsstruktur (hvilke linjer Fagskolane i Hordaland skal tilby og hvordan linjene skal organiseres).
- Intern uenighet om hvilket organ som kan gi høringsuttalelser i saker som angår fagskolene.
- Intern usikkerhet i forhold til ansettelse, personaloppfølging osv. ettersom Fagskolane i Hordaland i Hordaland ikke er organisert som egne juridiske enheter.
- Generell uklarhet knyttet til de ulike organenes oppgaver og kompetanse, eksempelvis i forbindelse med vedtakelse av ny skolebruksplan og vedtakelse og oppfølging av fagskolenes kvalitetssikringssystem.

Vi vil i det følgende først gjennomgå den gjeldende organiseringen og ledelsen av Fagskolane i Hordaland (punkt 4) som bakgrunn for resten av arbeidet. Deretter vil vi redegjøre for fagskolelovens krav til fordeling av oppgaver og kompetanse mellom de ulike fylkeskommunale organene, samt vurdere hvorvidt gjeldende organisering er i samsvar med lovens system og eventuelt foreslå tiltak (punkt 5).


4 GJELDENE ORGANISERING OG LEDELSE AV FAGSKOLANE I HORDALAND

4.1 Innledning

Pr i dag finnes det tre fylkeskommunale fagskoler i Hordaland: Bergen maritime fagskole (samlokalisert med Bergen maritime videregående skole), Bergen tekniske fagskole og Fusa fagskole (samlokalisert med Fusa videregående skole). Fagskolene tilbyr utdanning innen tekniskefag, maritime- og petroleumstekniske fag, helsefag, samt marine- og grønne fag.

De tre fagskolene eies og drives av HFK, og er organisert under "paraplyen" Fagskolane i Hordaland. Fagskolane i Hordaland har et felles styre (Hordaland fagskulestyre) og et felles reglement (Reglement for Fagskolane i Hordaland, vedtatt 19. november 2013). Hver enkelt skole har sin egen administrasjon og ledelse (rektor). Ingen av fagskolene er, etter det vi kan se, registrert som egne juridiske enheter i Enhetsregisteret. Bergen Maritime Fagskole (974 778 564) er imidlertid registrert som en underenhet til organisasjonsleddet Hordaland fylkeskommune Opplæringsavdelinga (974 778 564) på lik linje med de videregående skolene i fylket. De øvrige fagskolene er ikke registrert.

Den formelle organiseringen av Fagskolane i Hordaland er illustrert i figuren nedenfor.



4.2 Eier

Fylkestinget er det øverste politiske organet i HFK, og forvalter fylkeskommunens eierinteresser i Fagskolane i Hordaland. Fylkestinget utpeker flertallet av styremedlemmene i fagskulestyret, fastsetter Styrereglementet og bevilger midler til Fagskolane i Hordaland (over budsjettet).

For oversiktens del nevner vi at Fylkestinget har det overordnede ansvaret for at fylket tilbyr godkjent fagskoleutdanning (fagskoleloven § 1a), samt overordnet ansvar for å behandle søknader om offentlig tilskudd fra tilbydere av godkjent fagskoleutdanning (fagskoleloven § 8 første ledd). Dette er oppgaver som HFK v/Fylkestinget er pålagt etter fagskoleloven i egenskap av å være et offentlig myndighetsorgan, og er ikke knyttet til HFKs rolle som eier av Fagskolane i Hordaland.

4.3 Styret

Hordaland fagskulestyre er det øverste ansvarlige styreorganet for Fagskolane i Hordaland. Styret er, i følge HFKs hjemmesider, organisert som et utvalg under Fylkestinget.¹ Styret møtes ca. fem ganger i året, jf. møteplanen for 2014. Gjennomføring av styregjeringen er regulert i Styrereglementet.

Styret har syv medlemmer. Fem av medlemmene, herunder leder og nestleder, velges av Fylkestinget (eierrepresentanter), jf. Styrereglementet punkt 2. De to siste styremedlemmene velges av hhv. de ansatte og studentene. Etter det opplyste utpeker Fylkestinget typisk politikere fra OPHE til å være styremedlemmer i Fagskolane i Hordaland.

Styret har oppnevnt en særskilt klagenemnd som behandler eventuelle klager fra studentene, jf. fagskoleloven § 7 tredje ledd.

¹ <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Politikk/Politiske-organ/Utval-under-fylkestinget/>.

4.4 Øvrige involverte organ

4.4.1 Fylkesutvalget og Opplærings- og helseutvalet (OPHE)

Fylkesutvalget er et utvalg som ligger under Fylkestinget. Fylkesutvalget har ansvaret for samordning av den fylkeskommunale virksomheten. Utvalget har blant annet ansvar for samordning, planar, økonomi, næringsaker og overordnet næringspolitikk.²

OPHE er et fast utvalg som ligger under Fylkestinget. Utvalget har det politiske ansvaret for opplæring og helse i fylket.

Etter det vi forstår er det internt i fylkeskommunen knyttet usikkerhet til Fylkesutvalgets og OPHEs rolle hva gjelder fagskoleopplæring. Fylkesutvalget har formelt sett ingen oppgaver og kompetanse når det gjelder fagskoleopplæringen. OPHEs oppgaver og kompetanse er formelt begrenset til å behandle søknader om offentlig tilskudd etter fagskoleloven § 8 første ledd, jf.

Delegasjonsreglementet punkt 31. Vi har imidlertid fått opplyst at Fylkesutvalget og OPHE i praksis har vært involvert i behandling av en rekke saker som knytter seg til styring og organisering av Fagskolane i Hordaland.

4.4.2 Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er leder for fylkesadministrasjonen i HFK. Det følger av Styrereglementet punkt 5 at Fylkesrådmannen skal "syte for at styret har et sekretariat". I praksis er sekretariatsfunksjonen lagt til Opplæringsavdelinga, jf. punkt 4.4.3 nedenfor. Det er uklart i hvor stor grad Fylkesrådmannen faktisk er involvert i utføringen av sekretariatsfunksjonen.

I henhold til Styrereglementet punkt 11 har Fylkesrådmannen også en viss instruksjonsmyndighet over Hordaland Fagskulestyre. Fra punkt 11 hitsettes:

"Fylkesrådmannen kan instruera [fagskulestyret] om at iverksetjing av ei sak skal utsetjast til kompetent politisk organ har handsama saka."

Det er uklart hvilke "saker" som er omfattet av den nevnte instruksjonsretten, og hvilke politiske organ som eventuelt er "kompetent" etter fagskoleloven til å behandle saker som hører inn under Hordaland fagskulestyre.

4.4.3 Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga er en administrativ enhet underlagt Fylkesrådmannen som ledes av Fylkesdirektør for opplæring. Opplæringsavdelinga har det administrative ansvaret for opplæring i fylket.

Opplæringsavdelinga er ikke gitt noen formell rolle i fagskoleopplæringen i fylket. I praksis opptrer Opplæringsavdelinga som sekretariat for Hordaland fagskulestyre og for den opprettede klagenemnda etter instruks fra Fylkesrådmannen. Opplæringsavdelinga utfører blant annet følgende oppgaver:

- Forbereder saker til styret og klagenemnda
- Sender brev på vegne av styret
- Rapporterer studentdata til relevante myndigheter
- Markedsfører fagskoletilbudet på nett og i tidsskrifter

² Beskrivelsen er hentet fra fylkesutvalgets hjemmesider, <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Politikk/Politiske-organ/Fylkesutvalet/>.

- Informasjonsarbeid rettet mot studentene/søkere
- Deltar på konferanser og aktuelle møter
- Gjennomfører skolebesøk og følger opp kvalitetssikringssystemet
- Følger opp endringsprosesser, eksempelvis i forbindelse med sammenslåing av skoler
- Besørger forsikring for studenter der det er nødvendig

4.4.4 Organisasjonsavdelinga v/Personalseksjonen

Personellet ved Fagskolane i Hordaland er formelt ansatt i fylkeskommunen og ikke ved den enkelte fagskole. Vi har ikke mottatt kopi av arbeidskontraktene, men har blitt informert om at de er utformet på tilsvarende måte som arbeidskontraktene ved de videregående skolene i fylket. Det vil si at lærerne er ansatt i fylkeskommunen, og at det i kontrakten er opplyst hvilken skole læreren "for tiden" tjenestegjør ved.

Etter det opplyste er det Personalseksjonen som i praksis utfører arbeidsgiverfunksjonene, herunder utarbeider arbeidskontrakter, fastsetter og utbetaler lønn og pensjonsinnskudd, beslutter overføringer av ansatte mellom ulike fagskoler/videregående skoler og som følger opp personalkonflikter mv. Hordaland fagskulestyre er, etter det vi forstår, involvert i ansettelsen av den faglige og administrative ledelsen ved Fagskolane i Hordaland, men er ut over dette ikke involvert i personalmessige spørsmål.

5 FORDELING AV OPPGAVER OG KOMPETANSE ETTER FAGSKOLELOVEN

5.1 Innledning

Fagskoleloven med tilhørende forskrifter stiller en rekke krav til organiseringen og ledelsen av fylkeskommunale fagskoler, herunder at fagskolene skal ha et styre som "øverste ansvarlige styringsorgan", jf. fagskoleloven § 3 første ledd. Kravet til styret innebærer enkelte organisatoriske utfordringer, og vi oppfatter at det foreligger et visst spenningsforhold mellom styret på den ene siden og eier (Fylkestinget med underliggende organ) på den andre siden, se nedenfor.

Organene som er involvert i organiseringen og ledelsen av fagskolene, må ha kompetanse til dette. For fagskolene kan slik kompetanse utledes av (i) lov/forskrift, (ii) eierposisjon, og (iii) delegasjon fra et organ som er gitt kompetanse i medhold av lov/forskrift eller eierposisjon. Ved delegasjon viderefører et organ sin myndighet til et annet organ. Delegasjon kan skje i forbindelse med utførelsen av én spesifikk oppgave eller det kan være tale om en mer generell overføring av myndighet. Det er viktig å merke seg at det delegerende organet har instruksjonsmyndighet over organet som tildelegeres myndighet, samt at det delegerende organet fortsatt vil ha ansvaret for at oppgavene utføres.

5.2 Eier

5.2.1 Oppgaver og kompetanse etter fagskoleloven

Eier er ansvarlig for å utpeke et styre for fagskolen, jf. fagskoleloven § 3. Eier har videre naturligvis et ansvar for å finansiere driften av fagskolen, samt fastsette vedtekter for styret. Ut over dette ilegger fagskoleloven ingen oppgaver eller kompetanse til eier. I forarbeidene til fagskoleloven uttales det følgende om eiers oppgaver og kompetanse:

"Fylkestinget er formell eier, men den reelle styringsretten ligger i styret for fagskolen. Fylkeskommunens rolle og påvirkningsmulighet som skoleeier blir tydelig i de tilfeller nytt styre skal opprettes. Det kan her trekkes en parallell til generalforsamlinger i aksjeselskap, som velger oppnevnt styre i selskapet. Det valgte styret får derved de oppgaver og det ansvar som følger av lov og forskrift

Enkelte av organisasjonene mener styrer kan føre til uklare arbeidsgiverforhold. Departementet vil understreke at arbeidsgiver vil være den samme uavhengig av om fagskolen har et styre. [...]”³

Eier (Fylkestinget) kan, innenfor lovens rammer, påvirke driften av Fagskolane i Hordaland på tre måter⁴:

- 1) Valg av styremedlemmer og eventuelt avsetting av styret
- 2) Finansiering med tilhørende tildelingsbrev
- 3) Fastsettelse av vedtekter for styret

Ut over dette er det fagskolestyret (nedenfor) som tar alle avgjørelser angående fagskolevirksomheten, jf. NOKUTs Veileder til tilbydere av fagskoleutdanning av 12. desember 2013 side 5. Eier (Fylkestinget) har med andre ord en begrenset styringsrett og har som den klare hovedregel ikke adgang til å involvere seg i den daglige driften av fagskolen.

Eiers (Fylkestinget) oppgaver/kompetanse som eier følger direkte av loven. Oppgaver/kompetanse etter delegasjon er følgelig ikke aktuelt.

5.2.2 Vurdering og forslag til tiltak

Fylkestingets kompetanse og oppgaver i HFK synes både formelt og reelt å være i tråd med fagskoleloven.

For ordens skyld understreker vi likevel at Fylkestinget (samt eventuelle underordnede organ som har fått tildelegert myndighet fra Fylkestinget) ikke har adgang til å instruere styret når det gjelder utføringen av oppgaver som fagskoleloven har tillagt "styret" eller "tilbyder", samt at Fylkestinget heller så vidt mulig ikke bør involvere seg i den daglige driften.

5.3 Styrets oppgaver og kompetanse

5.3.1 Oppgaver og kompetanse etter fagskoleloven

Det følger av fagskoleloven § 3 første ledd at alle fagskoler skal ha et styre. Bakgrunnen for dette er at det er "viktig å kunne identifisere et organ som er ansvarlig for fagskoleopplæringen", jf. Ot. prp. nr. 39 (2006-2007) side 23. Det er styret som regnes som "tilbyder" i henhold til fagskoleloven og som er ansvarlig overfor NOKUT, jf. NOKUTs Veiledning til tilbydere av fagskoleutdanning av 12. desember 2013 side 4. Fagskoleloven stiller konkrete krav til sammensetningen av styret, se fagskoleloven § 3.

Vi understreker at styrevervet er personlig, og at utilfredsstillende ivaretagelse av styreoppgavene i verste fall kan lede til personlig ansvar.

I praksis er det akseptert at ett styre kan være ansvarlig for flere fagskoler, jf. NOKUTs Veiledning til tilbydere av fagskoleutdanning av 12. desember 2013 side 4.

Styret skal være fagskolens øverste "ansvarlige styringsorgan", jf. fagskoleloven § 3 første ledd. Fagskolens styre vil, på lik linje med styret i eksempelvis et aksjeselskap, ha (i) forvaltningsansvar og (ii) tilsynsansvar for virksomheten. Forvaltningsansvaret innebærer at styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten, herunder at det vedtas årsplan og budsjett.

³ Ot. prp. nr. 39 (2006-2007) side 23.

⁴ Fremstillingen bygger på NOKUTs Veileder til tilbydere av fagskoleutdanning side 5.

Tilsynsansvaret innebærer at styret skal føre tilsyn med den daglige ledelsen og virksomheten for øvrig. I tillegg til de nevnte generelle styreoppgavene, pålegger fagskoleloven styret en rekke konkrete oppgaver⁵:

- Styret er ansvarlig for at opplysningene som blir gitt til NOKUT og utdanningsøkende er korrekte og fullstendige (fagskoleloven § 3 annet ledd siste punktum).
- Styret har det overordnede ansvaret for studieplanen og gjennomføringen av utdanningen i henhold til planen. Styret har også ansvar for kvalitetssikring av utdanningen (fagskoleloven § 3 annet ledd første punktum).
- Styret ansetter den administrative og faglige ledelsen (fagskoleloven § 3 tredje ledd).
- Styret har det overordnede ansvaret for studentenes læringsmiljø, herunder det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet (fagskoleloven § 3 annet ledd første punktum, jf. § 4a og fagskoletilsynsforskriften § 3-7).
- Styret har ansvar for selv å behandle klager eller for å oppnevne en særskilt klagenemnd (fagskoleloven § 7 tredje ledd).
- Styret har ansvar for at alle vilkår for eventuelle statlige tilskudd overholdes og at virksomheten for øvrig drives i samsvar med gjeldende lover og regler (fagskoleloven § 3 annet ledd første punktum).

I tillegg har styret ansvar for at fagskolene ivaretar sine oppgaver etter fagskoleloven, for eksempel i § 4 og § 4a. Styret skal enten ta ansvar for oppgavene selv, eller delegerer dem til administrasjonen. Dersom oppgavene delegeres til administrasjonen skal dette, i følge NOKUT, gjøres gjennom et fullmaktsdokument eller et styrevedtak, jf. NOKUTs Veileder til tilbydere av fagskoleutdanning side 12. De oppgavene det vises til er:

- Å gi nødvendig informasjon og veiledning til søkere og studenter og sørge for at informasjonen er korrekt og fullstendig (fagskoleloven § 3 annet ledd).
- Fastsette krav til lærer- og instruktørkompetanse (fagskoletilsynsforskriften § 3-5).
- Legge til rette for opprettelse av studentorgan for å ivareta studentenes interesser og samarbeid med ledelsen (fagskoletilsynsforskriften § 4-4 første ledd bokstav f).
- Sikre at styret og ledelsen samarbeider med studentorganet (fagskoleloven § 4a).
- Legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov (fagskoleloven § 4a tredje ledd).

Styret er tildelt oppgaver/kompetanse direkte gjennom fagskoleloven, og oppgaver/kompetanse etter delegasjon er følgelig ikke aktuelt.

5.3.2 Vurdering og forslag til tiltak

Hordaland fagskulestyres oppgaver og kompetanse synes formelt å være i samsvar med fagskoleloven. Uklarhetene som har oppstått trekker imidlertid klart i retning av at styrets uavhengighet i praksis ikke har vært lagt til grunn fullt ut internt i fylkeskommunen.

⁵ Fremstillingen bygger på NOKUTs Veileder til tilbydere av fagskoleutdanning side 9-12.

For ordens skyld understreker vi derfor at eier (Fylkestinget og eventuelle underordnede organ som Fylkestinget gir myndighet via delegasjon) har en svært begrenset styringsrett, jf. punkt 5.2 ovenfor. Dersom Fylkestinget ønsker å gi føringer hva gjelder Fagskolane i Hordalands prioriteringer - eksempelvis oppretting av nye studielinjer, bruk av et bestemt IT-system mv. - kan dette gis i form av et tildelingsbrev hvor det oppstilles vilkår for tildelingen av midler (finansiering). I forlengelsen av dette gjør vi oppmerksom på at Fylkesutvalget og OPHE ikke er gitt noen formell rolle når det gjelder Fagskolane i Hordaland, og at deres eventuelle involvering i saker vedrørende Fagskolane i Hordaland derfor er uhjemlet, se redegjørelsen i punkt 5.4.2 nedenfor.

Det er ikke hensiktsmessig at Hordaland fagskulestyre formelt er organisert som et utvalg under Fylkestinget. Dette kan gi inntrykk at av styret er en del av den ordinære fylkeskommunale forvaltningen og føre til uklarhet hva gjelder myndighet og kompetanse. Eollen som styremedlem i Hordaland fagskulestyre skiller seg markant fra rollen som ordinært utvalgsmedlem, og styreoppgavene skal forvaltes på lik linje med styreoppgavene i øvrige fylkeskommunale virksomheter, eksempelvis Bybanen AS.

Vi **anbefaler** derfor at HFK på sikt vurderer denne organiseringen, herunder hvorvidt det er hensiktsmessig at flertallet av styremedlemmene utpekes blant medlemmer fra OPHE.

5.4 Øvrige enheters oppgaver og kompetanse

5.4.1 Innledning

De administrative enhetene i fylkeskommunen er i utgangspunktet ikke gitt oppgaver eller kompetanse etter fagskoleloven. I den grad de administrative enhetene har oppgaver/kompetanse etter fagskoleloven beror dette på delegasjon fra styret (av oppgaver som fagskoleloven gir til styret/tilbyder) og delegasjon fra eier (av oppgaver som tilligger eier).

For god ordens skyld nevnes det at styret ikke kan delegere bort oppgaver eller kompetanse som fagskoleloven spesifikt legger til "styret". Dette vil eksempelvis gjelde kravet til at styret skal ansette den faglige og administrative ledelsen, jf. fagskoleloven § 3 tredje ledd. Styret må likevel kunne be administrasjonen på den enkelte skole og/eller Opplæringsavdelinga å forberede saken for styret så lenge det er styret som fatter den formelle avgjørelsen.

5.4.2 Fylkesutvalget og Opplærings- og helseutvalet (OPHE)

5.4.2.1 Delegasjon fra eier og styret

Fylkesutvalget og OPHE har, etter det vi kjenner til, ikke fått tildelegert oppgaver og/eller kompetanse fra eier (Fylkestinget) eller fagskulestyret. Disse utvalgene har ikke avgjørelsesmyndighet – eller i det hele tatt oppgaver – når det gjelder fagskulene.

5.4.2.2 Vurdering og forslag til tiltak

Fylkesutvalget og OPHE er ikke gitt noen formell rolle i forhold til styringen og organiseringen av Fagskolane i Hordaland. Fylkesutvalget og OPHEs eventuelle involvering i saker vedrørende Fagskolane i Hordaland er derfor uhjemlet. Vi **anbefaler** at dette presiseres overfor Fylkesutvalget og OPHE, eksempelvis i form av et notat, slik at det ikke oppstår misforståelser i praksis (se vedlagt utkast til notat).

Etter det opplyste utarbeider Fylkesutvalget og OPHE, i samarbeid med Opplæringsavdelinga og Fylkesrådmannen, utkast til bevilgningsbudsjett for Fagskolane i Hordaland etter retningslinjer fra Fylkestinget. Basert på dette vedtar Fylkestinget et rammebudsjett for Fagskolane i Hordaland. Styret vedtar deretter tilbudsstruktur for det påfølgende skoleåret, og budsjettet blir så justert. Vi ser ingen hindringer for at Fylkestinget også i fremtiden delegerer det forberedende

budsjettarbeidet til Fylkesutvalget/OPHE/Opplæringsavdelinga. Vi understreker imidlertid at det er viktig at budsjettene gir styret reelt handlingsrom.

5.4.3 Fylkesrådmannen

5.4.3.1 Delegasjon fra eier og styret

Fylkesrådmannen har ikke fått tildelagert kompetanse (myndighet) fra eier (Fylkestinget). Rådmannen har imidlertid fått i oppgave å besørge sekretariat for Hordaland fagskulestyre, jf. Styrereglementet punkt 5. I praksis er sekretariatsfunksjonen lagt til Opplæringsavdelinga, og etter det vi forstår er Fylkesrådmannen i liten grad involvert i sekretariatsarbeidet, jf. punkt 4.4.2 ovenfor.

Fylkesrådmannen har ikke fått tildelagert oppgaver og/eller kompetanse fra styret.

5.4.3.2 Vurdering og forslag til tiltak

Som redegjort for i punkt 4.4.2 ovenfor, har Fylkesrådmannen i dag en instruksjonsrett over Hordaland fagskulestyre, jf. Styrereglementet punkt 11. Fagskoleloven er tydelig på at fylkeskommunen som eier har svært begrenset styringsrett og at det er styret ved den enkelte fagskole som skal være det øverste ansvarlige styringsorganet. De administrative organene i HFK kan, i likhet med de politiske organene i HFK, ikke gis instruksjonsmyndighet over Hordaland fagskulestyre. Styrereglementet punkt 11 er mest sannsynlig ikke i samsvar med fagskoleloven.

Vi **anbefaler** derfor at instruksjonsmyndigheten i Retningslinjer for Hordaland fagskulestyre av 14. september 2011 punkt 11, fjernes.

Vi mener også at det er uhensiktsmessig, og en sannsynlig årsak til uklarhetene som har oppstått, at Fylkesrådmannen i henhold til Styrereglementet skal besørge sekretariat for styret. For å redusere risikoen for interne uklarheter og misforståelser **anbefaler** vi at Styrereglementet punkt 5 endres, og at sekretariatsfunksjonen i stedet ilegges direkte til Opplæringsavdelinga.

5.4.4 Opplæringsavdelinga

5.4.4.1 Delegasjon fra eier og styret

Opplæringsavdelinga har ikke fått tildelagert oppgaver og/eller kompetanse fra eier (Fylkestinget). Avdelingen utfører i dag en rekke oppgaver på vegne av styret, uten at det foreligger en formell delegering av oppgaver/kompetanse fra styret til Opplæringsavdelinga. I praksis er imidlertid en del administrative funksjoner delegert, antagelig indirekte via fylkesrådmannen, se punkt 5.4.3 over.

5.4.4.2 Vurdering og forslag til tiltak

Vi **anbefaler** at Opplæringsavdelingens rolle formaliseres, eksempelvis ved at Styrereglementet punkt 5 endres (se redegjørelsen i punkt 5.4.3 nedenfor), samt at det ved styrevedtak foretas en formell delegering av oppgaver/kompetanse til Opplæringsavdelinga. Vi presiserer at styret fortsatt vil ha det formelle ansvaret for de oppgavene som delegeres.

Når Opplæringsavdelinga utfører oppgaver på vegne av styret, bør dette for ordens skyld kommuniseres utad, slik at man unngår fremtidige uklarheter og misforståelser. Dette kan eksempelvis gjøres ved at man inntar "etter fullmakt fra Hordaland fagskulestyre" i signaturfeltet.

5.4.5 Organisasjonsavdelinga v/Personalseksjonen

5.4.5.1 Delegasjon fra eier og styret

Som redegjort for i punkt 4.4.4 er personalet ved Fagskolane i Hordaland ansatt i HFK. Fylkestinget har etter det opplyste delegert kompetansen til å ivareta fylkeskommunens arbeidsgiveransvar til Personalseksjonen. Personalseksjonen har blant annet myndighet til å ansette personal ved Fagskolane i Hordaland, fastsette lønn, forflytte personal, si opp/avskjedige personal osv. Systemet er tilsvarende som for de videregående skoler. Personalseksjonen har, etter det vi kjenner til, ikke fått tildelegert oppgaver fra styret.

5.4.5.2 Vurdering og forslag til tiltak

Fagskoleloven synes å forutsette at styret skal ha arbeidsgiveransvar for personalet som arbeider ved fagskolen, jf. fagskoleloven § 3 tredje ledd (ansettelse av skolens faglige og administrative ledelse) og fagskoletilsynsforordningen § 3-5 (fastsettelse av krav til lærer- og instruktørkompetanse). Videre vil styret, som ansvarlig for undervisningstilbudet, kunne ha et legitimt behov for å beslutte hvem som skal arbeide på fagskolene, samt ha behov for å kunne instruere de ansatte. Det kan derfor stilles spørsmål ved hvorvidt det er i tråd med fagskoleloven at personalet ved fagskolene er ansatt hos eier (HFK) i stedet for ved den enkelte fagskole.

Flere høringsinstanser gjorde Kunnskapsdepartementet oppmerksom på at kravet til at fylkeskommunale fagskoler skulle ledes av et styre, kunne medføre uklarhet knyttet til hvem som skulle ha arbeidsgiveransvar for personalet ved fagskolene. Til dette uttalte departementet at *“arbeidsgiver vil være den samme uavhengig av om fagskolen har et styre”*, jf. Ot. prp. 39 (2006-2007) side 24. Mest nærliggende må uttalelsen forstås dit hen at fylkeskommunen, etter departementets oppfatning, er arbeidsgiver for dem som arbeider ved fylkeskommunale fagskoler. Organiseringen er følgelig mest sannsynlig i tråd med fagskoleloven.

Det faktum at Personalseksjonen råder over personalressursene, mens det er Hordaland fagskulestyre som er ansvarlig for utdanningstilbudet ved fagskolen, medfører imidlertid praktiske utfordringer. Satt på spissen kan man si at styret er ansvarlig for utdanningskvaliteten uten formell rett til å beslutte hvem som skal undervise, hvilken linje den enkelte skal være ansvarlig for osv. Styret vil også være ansvarlig for arbeidsmiljøet, men ha begrenset mulighet til å håndtere personalkonflikter mv.

Vi har derfor vurdert hvorvidt det kan være hensiktsmessig å gjøre endringer i ansettelsesforholdene, eksempelvis ved at personalet ansettes ved den enkelte fagskole i stedet for i HFK. Etter vår oppfatning vil en slik ordning være lite gunstig. For HFK og Fagskolane i Hordaland vil en slik endring blant annet medføre at muligheten til å forflytte ansatte mellom de ulike fagskolene/de videregående skolene i fylket reduseres/faller bort. Arbeidsretten oppstiller videre en rekke begrensninger som medfører at dette vil være krevende å gjennomføre.

Vi har også vurdert hvorvidt Hordaland fagskulestyre kan gis en generell fullmakt til å opptre på vegne av arbeidsgiver (her HFK) i saker som gjelder ansatte på fagskolen, herunder fullmakt til å ansette, forflytte og si opp/avskjedige ansatte. Dette er imidlertid også en problematisk løsning, ettersom styret ikke er underlagt fylkeskommunens instruksjonsmyndighet.

Den praktisk beste løsningen vil derfor antageligvis være at HFK v/Personalseksjonen fortsetter å ha det formelle arbeidsgiveransvaret for personalet ved Fagskolane i Hordaland, men at arbeidsgiveransvaret utøves i samarbeid med styret og med rektor ved den enkelte fagskole. Vi foreslår følgende modell:

- 1) Personalseksjonen foretar *formell* ansettelse/oppsigelse/avskjed mv. for alle medarbeidere ved Fagskolane i Hordaland, etter innstilling fra Fagskolestyret/rektor ved den enkelte skole, jf. punkt 2 og 3 nedenfor.
- 2) Fagskolestyret fremmer innstilling (ansettelse/forflytning mv.) overfor Personalseksjonen for alle medarbeidere som må anses å utgjøre en del av den administrative og faglige ledelsen på den enkelte fagskole etter fagskoleloven § 3 tredje ledd. Personalseksjonen fatter deretter den *formelle* avgjørelsen, jf. punkt 1 ovenfor. Den administrative og faglige ledelsen rapporterer løpende til styret.
- 3) Fagskolestyret delegerer myndighet til å fremme innstilling (ansettelse/forflytning mv.) overfor Personalseksjonen for alle ansatte ved den enkelte fagskole som ikke er å anse som en del av den faglig- eller administrativ ledelsen, til rektor ved den enkelte fagskole. Fagskolestyret skal motta kopi av rektors innstilling, og for øvrig holdes orientert om prosessen. Rektor ved den enkelte skole har ansvar for den personalmessige oppfølgingen av de ansatte ved fagskolen, med bistand fra Personalseksjonen.



Arkivnr: 2014/22610-2
Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		04.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Yrkesopplæringsnemnda	33/14	04.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014
Fylkestinget		09.12.2014

Elev- og lærlingombod

Samandrag

Opplærings- og helseutvalet handsama PS 21/14 Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune i møte 08.04.14. Rasmus L. Rasmussen sette fram følgjande forslag:

«Endre siste kulepunkt slik: Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning.» Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke saman med Rasmussen sitt endringsforslag.

Spørsmålet elev- og lærlingombod har vore reist i Opplærings- og helseutvalet ved to tidlegare høve: I 2005 ved representanten Lars Inge Bremnes, H og 2008 ved representanten Lene Fløysand, SP, (arkivsak 200802625). Begge gonger blei konklusjonen på ei drøfting av saka at Hordaland fylkeskommune ikkje har behov for ei ordning med elev- og lærlingombod fordi vi som einaste fylket i landet har elevinspektørar ved alle dei vidaregåande skulane. Elevinspektøren er nærare på situasjonane på skulane der eleven treng hjelp med kontakt til leiinga og kan slik lettare bidra til gode og tenlege løysingar på eventuelle utfordringar i læringsmiljøet.

Hordaland fylkeskommune har eit godt fungerande system med elevinspektørar på kvar skule med særskilt ansvar for læringsmiljø og elevmedverknad. Eit elev- og lærlingombod vil ikkje kunne erstatte det arbeidet elevinspektørane gjer ute på skulane, men elevinspektørane vil kunne fungere som eit nettverk for ombodet. For elevar i særleg vanskelege situasjonar kan eit elev- og lærlingombod i mange tilfelle ta ei meir uavhengig rolle enn ein elevinspektør som er tilsett ved den enkelte skule.

Lærlingane i Hordaland har ikkje tilsvarande ordningar som elevane i skule. Fylkesrådmannen meiner at den viktigaste grunngjevinga for ei eventuell oppretting av elev- og lærlingombod er fylkeskommunen sitt ansvar for å ha eit tilfredsstillande system for å sikre at lærlingane i fylket har eit godt arbeidsmiljø og får den opplæringa dei har krav på. Ei ordning med elev- og lærlingombod vil gjere det lettare å følgje opp lærlingane sine rettar knytt til arbeidsmiljø og læringsutbyte.

Hordaland fylkeskommune skal etter planen prøve ut ei ordning med mobbeombod i 2015. Fylkesrådmannen meiner at det kan vere behov for eit ombod som har eit breiare og meir heilskapleg mandat til å følgje opp elevane og lærlingane sine rettar knytt til opplæringa. Det gjeld særleg retten til vurdering og krav til innhald i opplæringa. Fylkesrådmannen anbefalar difor at ein gjennom utprøvinga av

ordninga med mobbeombod nyttar erfaringane til å kartlegge i kva grad eit slikt ombod dekkjer dei behov fylkeskommunen har for å sikre at elevar og lærlingar får oppfylt retten til eit godt læringsmiljø og at dei får den opplæringa dei har krav på.

Forslag til innstilling

Fylkesrådmannen tilrår at sak om etablering av elev- og lærlingombod kjem opp på nytt våren 2016 i samband med evaluering av prøveordning med mobbeombod.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Fylkesrådmannen 24.10.14:

Opplærings- og helseutvalet handsama PS 21/14 Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune i møte 08.04.14. Rasmus L. Rasmussen sette fram følgjande forslag:

«Endre siste kulepunkt slik: Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning.» Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke saman med Rasmussen sitt endringsforslag.

Spørsmålet om kvifor Hordaland ikkje har eige elev- og lærlingombod har vore reist i Opplærings- og helseutvalet ved to tidlegare høve: I 2005 (ved representanten Lars Inge Bremnes, H) og 2008 (ved representanten Lene Fløysand, SP). Begge gonger blei konklusjonen på ei drøfting av saka at Hordaland fylkeskommune ikkje har behov for dette fordi vi som einaste fylket i landet har elevinspektørar ved alle dei vidaregåande skulane. Det har vore argumentert med at elevinspektøren er tettare på situasjonane på skulane der eleven treng hjelp, og har den kontakt med leiinga som kan bidra til at partane raskare kjem til gode og tenlege løysingar.

Lærlingane sine behov vart ikkje drøfta i desse høva

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune vart det utarbeidd ein rapport, der fylkestinget bad fylkesrådmannen syte for å vurdere 9 konkrete tiltak for forbedring og lage ein handlingsplan for tiltaka (ref).

- Å kartlegge behov for elev- og lærlingombod var eit av tiltaka som blei presentert. I rapporten vart tiltaket foreslått under overskrifta:
- 'Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet'.

Ein viser til at dei fleste fylke har eit ombod for elevar og lærlingar, bortsett frå Hordaland er det berre Troms fylke som enno ikkje har tilsett eit ombod, men det er ein prosess i gang for å etablere det også her.

Elev- og lærlingomboda er i dag organiserte i eit nettverk, ELON, og møtest fast tre gonger i året for å utveksle erfaringar. I tillegg deltek fleire på andre arenaer, som Ungdommens Storting, tinget for elevorganisasjonane og diverse konferansar. Omboda rapporterer at nettverket er svært nyttig.

www.elevombudene.no er ein nettportal med generell informasjon om ordninga, og med lenker til omboda i dei respektive fylka.

Elev- og lærlingombudet i Rogaland er eit aktuelt døme på korleis ordninga kan fungere.

Hovudarbeidsoppgåvene er presenterte på nettsida <http://www.rogfk.no/Vaare-tjenester/Utdanning/Elev-og-larlingombud>:

«Elev- og lærlingombudet skal

- informere elever, lærlingar og lærekandidater i vidaregåande opplæring om rettigheter og plikter
- vere hjelp til selvhjelp og gi råd til elever, lærlingar og lærekandidater når de opplever et rettighetsproblem
- kontrollere at elever, lærlingar og lærekandidater får den opplæring de har krav på, og melde fra til myndighetene i Rogaland hvis dette ikke skjer
- få alle aktører i opplæringa til å snakke sammen om bedre medvirkning
- gi opplæring til elevråd og elevtillitsvalgte»

Der er utdypande informasjon og lenker på sida og eit kontaktskjema for direkte spørsmål til bruk for den enkelte elev/lærling/lærekandidat. I «Årsrapport for skoleåret 2012/2013, Elev- og lærlingombudet i

Rogaland» kan ein lese om både enkle saker som lett lar seg løyse og meir tidkrevjande saker. Elevane og lærlingane blir oppmoda til å løyse saker på lågast mogleg nivå, og i dei fleste tilfelle blir desse løyst internt på skulen eller i bedrifta.

Nokre oppgåver av denne typen vert i dag skjøtta av elevinspektørane, med omsyn til *elevane*. Hordaland fylkeskommune har eit godt fungerande system med elevinspektørar på kvar skule, med særskilt ansvar for læringsmiljø og elevdemokrati og –medverknad. Eit elev- og lærlingombod vil ikkje kunne erstatte det arbeidet elevinspektørane gjer ute på skulane, men elevinspektørane vil kunne fungere som eit nettverk for ombodet. Og for elevar i særleg vanskelege situasjonar er eit uavhengig ombod noko meir enn ein elevinspektør tilsett på den enkelte skule, og kan vere lettare å kontakte for råd og hjelp. Det er også slik at ein stor del av elevane som til dømes opplever utestenging, mobbing eller krenkingar på skulen, ikkje fortel dei vaksne på skulen om dette. Det er kanskje fleire grunnar til dette, men ulikskap i maktforhold og behov for å styrke det systematiske arbeidet med relasjonar i skulen kan vere to faktorar.

Elev- og lærlingombodet i Rogaland summerer mellom anna opp slik i årsrapporten:

«De fleste elevene og lærlingene i Rogaland har det bra, men det er også elever og lærlinger som har det vanskelig ute på skolene eller ute i bedriften. Her har alle et ansvar for å motvirke mobbing, trakassering, utnyttelse og eller forskjellsbehandling ute på skolene».

Oppsummering

HFK sitt ansvar for elevar, lærlingar og lærekandidatar må sjåast i samanheng og forankrast i ei heilskapleg forståing av dette ansvaret. Eit ombod vil famne elevar og lærlingar uansett kva for utdanningsløp dei vel. Hordaland fylkeskommune har eit godt fungerande system med elevinspektørar på kvar skule, med særskilt ansvar for læringsmiljø og elevmedverknad. Eit elev- og lærlingombod vil ikkje kunne erstatte det arbeidet elevinspektørane gjer ute på skulane, men elevinspektørane vil kunne fungere som eit nettverk for ombodet. Det kan likevel tenkjast at det vil vere situasjonar der eit uavhengig ombod kan ha ei meir uavhengig rolle enn ein elevinspektør som er tilsett ved den enkelte skule.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje tilsvarende ordningar for lærlingane. Fylkesrådmannen meiner difor at den viktigaste grunngevinga for ei eventuell oppretting av elev- og lærlingombod er fylkeskommunen sitt ansvar for å ha eit tilfredsstillande system for å sikre at lærlingane i fylket har eit godt arbeidsmiljø og får den opplæringa dei har krav på. Ei ordning med elev- og lærlingombod vil gjere det lettare for lærlingar å ta kontakt for å få rettleiing og støtte.

15. mai 2014 vart søknad om midlar til prøveprosjekt med mobbeombod innvilga med kr. 500.000,- frå Utdanningsdirektoratet (Arkivsak: 2014/16324). Prosjektsøknaden vart sendt som melding til Opplærings- og helseutvalet 03. juni 2014 og til fylkesutvalet 19. juni 2014. Mobbeombodet skal arbeide førebyggjande og følgje opp saker vedkommande enkeltelevar. Fylkesrådmannen meiner likevel at det kan vere behov for eit ombod som har eit breiare og meir heilskapleg mandat til å følgje opp elevane og lærlingane sine rettar knytt til opplæringa. Det gjeld særleg retten til vurdering og krav til innhald i opplæringa. På grunnlag av dette anbefaler fylkesrådmannen at HFK gjennom utprøvinga av ordninga med mobbeombod kartlegg i kva grad eit slikt ombod dekkjer dei behov fylkeskommunen har for å sikre at elevar og lærlingar får oppfylt retten til eit godt læringsmiljø og at dei får den opplæringa dei har krav på.

HFK vil nytte prøveordninga med mobbeombod til å gje best mogleg oversikt over behov og rettar som treng betre oppfølging, og over kva nettverk av samarbeidspartar som best kan nyttast i dette arbeidet. I utlysinga av stillinga som mobbeombod vil fylkesrådmannen sjå etter kompetanse og kvalifikasjonar som og trengst hos eit elev- og lærlingombod, slik at HFK etter prøveordninga med mobbeombod er sikra nødvendig handlingsrom til å vurdere utviding av mandatet og eventuelt etablere eit elev- og lærlingombod.



Arkivnr: 2014/22472-2
Saksbehandlar: Kjell Helge Kleppestø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	34/14	04.11.2014
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014

Svar på spørsmål frå OPHE vedkomande tiltak for lærebedrifter.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå OPHE vedkomande tiltak for lærebedrifter

«1. OPHE ber om en sak med konkrete tiltak med hensyn til å forbedre lærebedriftenes tilfredshet med elevene de mottar fra vgs. jfr. undersøkelse om fagopplæring i Næringsbarometeret 2014.

2. OPHE ber om en kartlegging av kommunene i fylket. Status for lærlinger i egen kommune de tre siste år, samt plan for inntak av lærlinger 2014/2015. Herunder årsaker til avvik, sett i forhold til mål om å øke antall lærlinger i offentlig sektor. Videre, hva skal til for at kommunen skal øke med minimum 20 % i forhold til dagens situasjon».

I Hordaland fylkeskommune er det særleg tre konkrete tiltak som vert prioritert for å gjere læreverksemdene meir tilfreds med elevane dei tar imot.

- 1) Styrkje samarbeid mellom skule og bedrift når det gjeld organisering og vurdering av praksis i Prosjekt til fordjuping
- 2) Hospitering for lærarar og instruktørar som sikrar at dei gjensidig gir kvarandre fagleg påfyll og breiare fagleg kompetanse
- 3) Kompetanseheving av lærarar for å oppnå meir yrkesretting i fellesfaga

I samfunnskontrakten for fleire læreplassar som vart underteikna i 2012, ligg det ei forventning til at tal lærlingar skal auke i perioden 2011-2015 med 20 %. Saka viser ei oversikt over utviklinga i inntak av lærlingar frå 2010 til 2014, fordelt på kommunane. Hordaland har mange kommunar og store variasjonar når det gjeld tal på innbyggjarar. I KS si norm ligg det ei tilråding om kvart år å ta inn ein ny lærling pr. 1000 innbyggjarar. For nokre kommunar kan dette vere vanskeleg å oppnå. Forklaringar på dette er samansett, men ofte får Fagopplæringskontoret meldingar om at dette er knytt til budsjettmessige utfordringar.

Forslag til innstilling

Opplærings- og helseutvalet tek saka til etterretning og støttar fylkesrådmannen sine tiltak for å styrkje dialog mellom skule og bedrift kring kvalitet og læringsutbyte av opplæringa i skule.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2014

Svar på spørsmål frå OPHE vedkomande tiltak for lærebedrifter

«1. OPHE ber om en sak med konkrete tiltak med hensyn til å forbedre lærebedriftenes tilfredshet med elevene de mottar fra vgs. jfr. undersøkelse om fagopplæring i Næringsbarometeret 2014.

2. OPHE ber om en kartlegging av kommunene i fylket. Status for lærlinger i egen kommune de tre siste år, samt plan for inntak av lærlinger 2014/2015. Herunder årsaker til avvik, sett i forhold til mål om å øke antall lærlinger i offentlig sektor. Videre, hva skal til for at kommunen skal øke med minimum 20 % i forhold til dagens situasjon».

Stortingsmelding nr. 20 (2012-13) **På rett vei** tar m.a. for seg relevans og kvalitet i vidaregåande opplæring, og ser særleg på relevans og kvalitet i fagopplæringa. Prosjekt til fordjuping og hospitering for lærarar og instruktørar i vidaregåande skular og lærebedrifter får eigen omtale. I Hordaland fylkeskommune er det særleg tre konkrete tiltak som vert prioriterte for å gjere læreverksemdene meir tilfreds med elevane dei tar imot.

- 4) Styrkje samarbeid mellom skule og bedrift når det gjeld organisering og vurdering av praksis i Prosjekt til fordjuping
- 5) Hospitering for lærarar og instruktørar som sikrar at dei gjensidig gir kvarandre fagleg påfyll og breiare fagleg kompetanse
- 6) Kompetanseheving av lærarar for å oppnå meir yrkesretting i fellesfaga

Kort omtale av kvart av dei tre tiltaka:

- 1) På bakgrunn av erfaringar til no som vist i m.a. FAFO sin rapport «Fleksibilitet eller faglighet?», vil departementet vurdere å endre forskrift til Opplæringslova slik at meir av opplæringa i Prosjekt til fordjuping skal gå føre seg i bedrift. Forsking viser at faget primært er eit fag som vert utforma i skulen, med avgrensa innverknad frå arbeidslivet si side. Ei sterkare involvering av aktørane i arbeidslivet er truleg ein føresetnad dersom prosjekt til fordjuping skal kunne medverke til utvikling og fornying av faga og fagopplæringa. Ansvar for innhald og gjennomføring av faget er i stor grad lagt til avdelingsleiar og faglærar. Samarbeidet mellom skule og arbeidsliv er for det meste basert på einskildpersonar sine relasjonar og nettverk og er dermed kortsiktig og i liten grad formalisert.
- 2) Seksjon skule har starta arbeid med å kartlegge korleis skulane og bedriftene gjennomfører Prosjekt til fordjuping. Fylkesrådmannen er på jakt etter gode døme. I 2014 har Opplæringsavdelinga besøkt 8 vidaregåande skular og nokre verksemdar og opplæringskontor for å undersøke korleis dei arbeider med faget. Både innhald, organisering og vurdering var tema. Fylkesrådmannen ser at det vert arbeidd ulikt med faget. Utdanningsprogramma er ulike, og det er naturleg at det vert arbeidd ulikt, men vi ser og store skilnader innan same utdanningsprogram. På bakgrunn av forslag om ny læreplan (forskrift) som kom til høyring i september 2014 og gode døme i eige fylke, vil det verte utarbeidd felles lokale føringar for faget i Hordaland fylkeskommune. Det vert arrangert ein konferanse om Prosjekt til fordjuping for faglærarar og avdelingsleiarar våren 2015, der tema mellom anna vert ny læreplan og det gode arbeidet eigne lærarar har gjort som studentar i det nasjonale studiet Prosjekt til fordjuping i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det faglege innhaldet vert planlagt i samarbeid med høgskulen.
- 3) Utdanningsdirektoratet etablerte i 2013 ei ordning med hospitering for lærarar og instruktørar i vidaregåande opplæring i alle fylke. Ordninga er vidareført i 2014-15, og kvar enkelt fylkeskommune måtte søkje om nye midlar. Hovudmålet er å utvikle/oppdatere kompetansen hjå programfaglærarar og fellesfaglærarar i skule og instruktørar/faglege leiarar i bedrift, og å bidra til å gjere fag- og yrkesopplæringa betre. Vidare er det ønskjeleg at hospiteringa skal auke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv og få alle partar til å sjå opplæringa i eit samanhengande fireårig løp. Opplæringsavdelinga har søkt og mottatt midlar frå departementet, og våren 2014 vart midlar lyst ut for søknad til både vidaregåande skular og lærebedrifter i Hordaland. I tilskotsordninga legg vi spesielt vekt på at hospiteringa skal:
 - bidra til å fornye og auke programfaglærarane sin kompetanse i eige fag, og/eller gi innsikt i andre fag innan eige programområde/utdanningsprogram

- auke instruktør/fagleg leiar sin kompetanse som rettleiar for elev/lærling ute i bedrift i tråd med læreplanar og forskrifter
- bidra til yrkesretting av fellesfag for fellesfaglærarar
- styrke rådgivingstilbodet til elevar i vidaregåande opplæring

Det er utforma eit eige idéhefte for hospitering i yrkesfag, og dette ligg ope på <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/Fagopplaering/Hospitering>.

I 2014 har 31 lærarar gjennomført hospitering i hovudsakleg Bygg og anlegg (BA), Restaurant og matfag (RM), Elektro (EL), Naturbruk (NA) og ein del andre utdanningsprogram. Det er i tillegg 12 lærarar som har fått tilslag på søknad, og skal gjennomføre hospiteringa i løpet av skuleåret 2014/15. Det er 6 instruktørar/faglege leiarar som har gjennomført hospitering innan RM, BA, Design og handtverk (DH) og 3 frå Helse og oppvekst (HO). Det er i tillegg 6 søknader som er innvilga for gjennomføring i løpet av skuleåret 2014/15.

Det vert no sett i gang hospitering for fellesfaglærarar. Det er i første omgang 6 lærarar som skal ut i bedrift i samband med vekslingsmodellen.

- 4) Dei vidaregåande skulane skal leggje til rette for ein læringspraksis som har som mål å auke motivasjon og meistring gjennom konkretiserande undervisningsmateriale og praktiske, individuelle tilnærmingar. Det er sett i gang skulering av lærarane som underviser i fellesfag på yrkesfag, og i september 2014 er det gjennomført ei felles samling for FAU og FYR-koordinatorane. Det er etablert nettressursar ved <http://fyr.ndla.no/> for Fellesfag, yrkesretting og relevans. Pr. dato er det gode undervisningsressursar i norsk, engelsk, matematikk og naturfag.

Lærlingar i kommunesektoren

Vedlagt følgjer ei oversikt over utviklinga i inntak av lærlingar frå 2010 til 2014, fordelt på kommunane i Hordaland. Når det gjeld 2014, er dette foreløpige tal. Endelege tal er klare i januar 2015. Inngåing av lærekontraktar skjer gjennom heile året. Nokre vert teikna gjennom formidlingsprosessen, det vil seie dei som søker læreplass etter Vg2 og som ønskjer læreplass påfølgjande haust. Om lag 75 % av kontraktane i Hordaland vert teikna på denne måten. Dei andre 25 % teiknar kontraktar gjennom året.

Hordaland har mange kommunar og store variasjonar når det gjeld tal på innbyggjarar. I KS si norm ligg det ei tilråding om kvart år å ta inn ein ny lærling pr. 1000 innbyggjarar. For nokre kommunar kan dette vere vanskeleg å oppnå. Dette kan mellom anna skuldast at det er vanskeleg å få tak i lærlingar. I Rogaland har dei blitt einige om at KS-norma skal følgjast. Dette kombinert med ei nedbygging av påbygg til studiekompetanse har ført til at tal på kontraktar i kommunane har auka. I 2013 hadde Rogaland fylkeskommune 337 nye kontraktar i faga Barne- og ungdomsarbeidar og Helsefagarbeidar. Tilsvarende tal for Hordaland var 266. Det bur om lag 50 000 fleire innbyggjarar i Hordaland.

I samfunnskontrakten for fleire læreplassar som vart undertekna i 2012, ligg det ei forventning til at tal lærlingar skal auke med 20 % i perioden 2011-2015. Som ein ser av tabellen, er det nokre kommunar som skil seg negativt ut. Bergen kommune har redusert inntaket sitt med 27 frå 2011 til 2013, og Fjell kommune har redusert inntaket med ni lærlingar. Forklaringar på dette er samansett, men ofte får Fagopplæringskontoret meldingar om at dette er knytt til budsjettmessige utfordringar. Bergen kommune er også deltakar i forsøket med vekslingsmodell, som rett nok ikkje starta før i 2013, men det kan vere at dette fortregjer inntak av lærlingar i 2+2-modellen. Fagopplæringskontoret vil følgje med på dette og undersøkje om utviklinga står seg over tid.

Det har også vore ein diskusjon om kvaliteten på dei elevane som kjem ut frå dei vidaregåande skulane, er for dårleg. Bergen kommune har og hevda at elevane kan for lite. Eit tett samarbeid mellom skular og arbeidsliv vil kunne bidra til å justere institusjonane (skulane og arbeidslivet) sine forventningar i tråd med verkelegheita.

Mange av kommunane i Hordaland er med i opplæringskontor, og det er derfor ikkje enkelt å kartleggje om det som vert meldt inn som behov, speglar verkelegheita i den einskilde kommune. Nokre opplæringskontor har fleire kommunar med i si portefølje og melder såleis inn eit totalbehov til Fagopplæringskontoret. Det kan vere grunnlag for å kartleggje kompetansebehov og arbeidskraftbehov grundigare i kommunane, men det er også viktig å skilje mellom det som fagopplæringsystemet er avhengig av, opplæringsplassar, og samfunnet sitt behov for arbeidskraft. Lærlingordninga er ikkje avhengig av at lærlingane skal ha fast arbeid etter avslutta opplæring, og mange av ungdomane vel å gå vidare med meir utdanning etter at fag- eller sveinebrevet er i boks.

Folkemengde i kommunane 1. januar 2014 (kjelde SSB)								
Kommune	tal innb.	Godkjende lærekontraktar 2010	Godkjende lærekontraktar 2011	Godkjende lærekontraktar 2012	Godkjende lærekontraktar 2013	Godkjende lærekontraktar 2014	% Nye lærlingar 2013 mot tal innb. 2013	Endring 11-13
1265 Fedje	561		1		2		0,36	1
1266 Masfjorden	1693	5	2	3		3	0,00	-2
1264 Austrheim	2833	1		3	5	4	0,18	5
1260 Radøy	5039	6	5	5	7	2	0,14	2
1238 Kvam	8584	12	5	12	5	12	0,06	0
1228 Odda	7006	5	9	5	10		0,14	1
1211 Etne	4057	2	4	3	3	4	0,07	-1
1259 Øygarden	4704	3	1	4	4	7	0,09	3
1221 Stord	1842 5	18	22	21	21	10	0,11	-1
1246 Fjell	2385 2	21	22	27	13	23	0,05	-9
1227 Jondal	1094	1		1			0,00	0
1241 Fusa	3829	2	3	2	4		0,10	1
1263 Lindås	1506 9	6	9	10	13	7	0,09	4
1251 Vaksdal	4140	5	1	2	5	1	0,12	4
1247 Askøy	2734 6	23	29	22	24	16	0,09	-5
1253 Osterøy	7786	6	4	5	4	3	0,05	0
1235 Voss	1416 8	7	7	9	4	1	0,03	-3
1245 Sund	6635	2	1	6	3		0,05	2
1232 Eidfjord	950				1		0,11	1
1201 Bergen	2719 49	149	158	158	131	109	0,05	-27
1231 Ullensvang	3369	3	3	1	1	1	0,03	-2
1224 Kvinnherad	1323 2	9	8	5	8	1	0,06	0
1219 Bømlo	1174 9	4	6	7	5		0,04	-1
1244 Austevoll	4924	2		3		1	0,00	0

1243 Os (Hord.)	1867 8	6	7	4	6	1	0,03	-1
1216 Sveio	5463		1	1	2	1	0,04	1
1242 Samnanger	2436		1		1		0,04	0
1223 Tysnes	2745			3			0,00	0
1222 Fitjar	3009			9	4	5	0,13	4
1256 Meland	7544	3	2	1	1	2	0,01	-1
1233 Ulvik	1094						0,00	0
1234 Granvin	911		2				0,00	-2
1252 Modalen	372						0,00	0
		301	313	332	287	214		-26

PS 35/14 Ymse